

TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2019-2022



Vedteken av Øygarden kommunestyre den 24. april 2019, sak /19

INNHALD

0. KORT SAMANDRAG	3
1.0 KVIFOR EIN KOMMUNAL TRAFIKKSIKRINGSPLAN?	4
2.0 STATLEGE, REGIONALE OG KOMMUNALE FØRINGAR	5
2.1 NASJONALT	5
2.2 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	6
2.3 ØYGARDEN KOMMUNE	7
3.0 ULYKKESTATISTIKK - ØYGARDEN KOMMUNE 2010-2017.....	8
4.0 ORGANISERING AV ARBEIDET MED PLANEN.....	13
4.1 FORANKRING	13
4.2 VIKTIGE AKTØRAR I PLANARBEIDET	13
4.3 ORGANISERING AV PLANARBEIDET – PLANPROSESSEN	13
5.0 MÅL OG TILTAK.....	14
5.1 VISJON OG MÅLSETTING.....	14
KONKRETISERT TIL EIT MEIR SPESIFIKT MÅL HAR EIN FORMULERT DETTE HOVUDMÅLET:	14
5.2 REGISTRERINGAR OG PROBLEMANALYSE	14
5.2.1 <i>Kommunale vegar</i>	14
5.2.2 <i>Fylkeskommunale vegar</i>	15
5.3 REGISTRERINGAR MED KART - OPPSUMMERT KRINSVIS	15
5.3.1 <i>Bakken og Hatten krinsar</i>	15
5.3.2 <i>Alvheim krins</i>	17
5.3.3 <i>Brevik krins</i>	18
5.3.4 <i>Blomvåg krins</i>	19
5.3.5 <i>Rong krins</i>	20
5.3.5 <i>Toftøy krins</i>	21
5.4 VEGLYS.....	22
5.5 VIDAREFØRING AV «IKKJEFYSISKE» TILTAK.....	22
5.6 AREALPLANLEGGING.....	24
5.7 ANALYSE.....	25
5.8 TILTAK	27
5.8 A. <i>Kommunale tiltak (kommunale vegar og trafikkareal) - prioriteringsliste</i>	27
5.8 B <i>Fylkeskommunale tiltak (fylkesvegar) - prioriteringsliste</i>	28
5.8 C. <i>Ikkje-fysiske kommunale tiltak</i>	29
5.9 BUDSJETTMESSIGE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR	29
5.10 OPPFØLGING OG EVALUERING	29
6. HØYRINGSRUNDE OG OPPDATERINGAR	30
6.1 FORMANNSKAPSVEDTAK FS.72/18	30
6.2 HØYRINGSRUNDEN	30
6.3 TILTAK SOM MÅ VIDAREFØRAST/GJENNOMFØRAST ETTER KOMMUNESAMANSLÅINGA	31
6.4 ANDRE OPPDATERINGAR.....	31
6.5. TILSKOTSMIDLAR FRÅ STATENS VEGVESEN TIL LYSSETTING AV OVERGANGAR PÅ FV 561	31
Vedlegg 1: OMTALE AV TILTAK I GAMAL PLAN INKL. EVALUERING.....	35
Vedlegg 2: NYE INNSPEL MED OMTALE 2017/2018 I RULLERINGSPERIODEN.....	45
Vedlegg 3: INNKOMNE HØYRINGSUTTALAR – 4 STK.....	53
Vedlegg 4: KOMMUNESTYRESAK KS. /19 – SLUTTBEHANDLING.....	60

0. Kort samandrag

Kommunestyret vedtok i planstrategisaka KS 73/16 i møte 21. sept. 2016 at Trafikksikringsplanen 2012-2016 skulle rullerast. Det vart utarbeidd eit planprogram som vart vedteke av kommunestyre sak KS. 30/17 - 24.05.17 etter ein høyringsrunde. Kommunestyret presiserte i eit tilleggspunkt: «Spesielt sikkerhet rundt kryssingar for mjuke trafikkantar må sikrast». Dette har arbeidsgruppa freista å innfri i sitt rulleringsarbeid.

Rådmannen sette ned ei administrativ arbeidsgruppe leia av underteikna. Arbeidsgruppa har jobba fram eit rullert planframlegg i tråd med planprogrammet. Grunna interne omorganiseringar, prioritering av tidsviktige oppgåver i kommuneorganisasjonen m.m., har det under vegs vorte «stokka litt om» i arbeidsgruppa. Vidare har det i periodar - av same grunn - vore opphald i arbeidet.

Statens Vegevesen sin trafikksikringskontakt, Mats Korneliussen, einingsleiar for Teknisk plan og forvaltning (TPF) Øyvind Lunde, planleggjar Sven Selås Kallevik (TPF) og FAU-representant Johnny Stewart-Pettersen utgjorde resten av arbeidsgruppa. Gjennom ein arbeidsperiode på om lag halvtanna år i 2017-2018 har arbeidsgruppa hatt 10 -11 møte. Arbeidet er gjennomført utan konsulentbistand. Det har kome inn innspel frå Vik grendalag, einingsleiarar på skular og FAU- representantar for skulane.

Planen sitt innhald følgjer stort sett same oppbygging som den gamle planen med nokre justeringar. I plandokumentet er det denne gongen lagt inn lenkjer til andre relevante planar. Innleiingsvis i kap. 2 vert det referert til nasjonalt og regionalt (fylkeskommunalt) nivå der det ligg føre trafikksikringsplanar (for kvart nivå). Den nasjonale «nullvisjonen» står sentralt. Av ulukkes-statistikken i kapitel 3 går det klart fram at talet på skadde i trafikken i Øygarden er redusert dei siste åra. Majoriteten av ulukkene med personskade skjer oftast i tilknytning til FV 561 (hovudvegen).

For å førebyggja trafikkulukker er det viktig med tiltak i barnehagar og skular. Dette er omtala i kap.5.5. Ei føreseieleg arealplanlegging som lagar løysingar som inkluderer trafikksikring og førebyggjer ulukker er svært viktig. Dette er omtala i kap 5.6. I kap 5.7 har me lagt inn eit nytt og oppdatert kart som syner ÅDT på vegane i kommunen (ÅDT = dagleg gjennomsnittleg passering av kjøretøy forbi eit punkt i løpet av eit år).

I kap. 5.8 vert mange av tiltaka i den gamle planen føreslått vidareført inkludert nye tiltak som er spela inn. For fylkesvegane ligg det føre ei prioriteringsliste i 10 punkt. Samstundes vert det synt til mange trafikksikringstiltak som ligg inne i Øygarden kommune sin investeringsplan og økonomiplan. Desse kjem i tillegg til omtalte tiltak i dei to tabellane i kap 5.8.

Etter høyringsrunden er det lagt til eit nytt kapitel 6 «Høyringsrunden og oppdateringar» med nokre nye tiltak.

I vedlegg 1 frå side 35 er det gjort greie for status for alle tiltaka i den gamle planen. I evalueringa går det fram at 12 tiltak er gjennomført. 5 tiltak er tekne bort då dei ikkje er aktuelle lenger grunna m.a. nedlegging av to skular (Alvheim og Bakken).

I vedlegg 2 frå side 45 er det teke inn alle nye innspel og framlegg til nye tiltak. Desse er vidare lagt inn i tabellane som syner dei oppdaterte tiltakslistene på kommunale vegar og fylkesvegar.

I vedlegg 3 frå sid 53 er dei 4 høyringsuttalane tekne inn.

I vedlegg 4 frå side 59 ligg kommunestyret sit slutthandsaming sak KS /19.

Rong, februar 2019

Jarle Kåre Oen

Spesialrådgjevar/kommuneplanleggjar

1.0 Kvifor ein kommunal trafikksikringsplan?

Kva er trafiktryggleik?

Tiltak som betrar tryggleiken i trafikken for alle trafikantgrupper. I vår TS-plan set ein mest fokus på tryggleiken til dei mjuke trafikantane fordi dei ikkje har ”karosseri”, bilbelte eller airbag til å verna seg med.

Kvifor trafikksikringsplan?

For å konkretisera problemområde i kommunen og for å foreslå tiltak for å betra tryggleiken og prioritera tiltak. Står tiltaka på TS-planen aukar sjansen for å få utdelt midlar til desse. Ein plan kan leggja føringar for arealdisponeringar i framtida, dersom planen er stadfesta som kommunedelplan. Dette er ein rullering av eksisterande plan slik at me har ein oppdater trafikksituasjonen når samanslåinga med dei to nabokommunane er eit faktum i 2020. Planen har eit perspektiv fram til 2022.

Tiltak for mjuke trafikantar:

Gang- og sykkelveggar (G/S), fortau, ymse kryssingstiltak – undergang, overgang, fartsreducerande tiltak (fartsgrense, humpar, innsnevringar, romlefelt, trafikkøyer), signalregulering av gangfelt, siktutbetring og haldningsskapande arbeid.

Tiltak for harde trafikantar:

Tryggleiksone utanfor veg kan vera å fjerna knausar – unngå bråstopp om uhellet oppstår, montera rekkverk – hindra utforkjøring, ha lysstolpar som gjev etter, ha skiltstolpar som bryt i hop ved lite kraft, veglys, haldningsskapande arbeid, kontroll og overvaking, ATK- Automatisk Trafikk-kontroll, politikontrollar, fartvisingstavler, overvaking av tunnelar og signalanlegg.

Handbøker

Statens vegvesen (SVV) har mange handbøker med retningsliner og krav til korleis og i kva tilfelle ein kan bruka ymse tiltak. Desse blir jamt og trutt oppgradert etterkvart som ein får erfaringar frå trafikken. Desse er lett tilgjengelege på <https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker>.

Gangfelt

SVV får kvart år mange spørsmål frå engasjerte foreldre og folk som arbeider med barn om å få gangfelt. Samtlege trur at gangfelt er eit suverent TS-tiltak. SVV sin kompetanse og røynslar tilseier at under feile føresetnader er gangfelt direkte livsfarlege/reine trafikkfellene.

Menneskelege eigenskapar hos sjåfør og mjuk trafikant. Mjuk trafikant veit han har forkjørsrett i gangfelt, nokre stader er fotgjengarar så trygge på sin rett at dei går ut i gangfeltet utan å ha sjekka om bilisten faktisk har oppfatta kva som skjer.

I tillegg til generell aktløyse, kan bilisten bli til dømes akutt sjuk, vere rusa eller sovna. Generell aktløyse hos bilist kan lett oppstå dersom t.d. han kjører på ein veg han ofte eller dagleg ferdast. Gangfeltet blir sjeldan eller aldri brukt når sjåføren passerar – hjernen lærer etter stadige gjentakingar at her er det ingen fare, her kan ein slappa av.

Så den dagen det faktisk er ein fotgjengar som vil kryssa vegen, då oppfattar ikkje bilisten dette. I eit gangfelt som er brukt mykje, opplever bilisten å måtta stoppa jamt og trutt – alltid aktsam – her er det noko som skjer.

Difor må samferdselstyremaktene ta omsyn til menneskelege eigenskapar, psykiske og fysiske grenser for tåleevne og yteevne i vurderingane for å få etablert gangfelt. Usikre gangfelt må ikkje etablerast. Tiltak Statens vegvesen utfører på veg må vera så trygge som råd er.

2.0 STATLEGE, REGIONALE OG KOMMUNALE FØRINGAR

2.1 Nasjonalt

Generelt

Den offisielle ulukkesstatistikken for vegtrafikkulukker i Noreg er basert på ulukker som er registrerte av politiet. Dette gjeld også for Statistisk Sentralbyrå (SSB) og Statens vegvesen (SVV) sine ulukkesregister. Denne statistikken viser at rundt 12 000 personar blir skadde eller drepne kvart år på vegane i Noreg. Sjølv om alle vegtrafikkulukker i prinsippet skal rapporterast til politiet, veit vi at det er store mørketal.

Mørketala er størst for lettare personskadeulukker og for ulukker med sykkel. Totalt reknar vi med at det årleg er rundt 40 000 personar som blir skadde i vegtrafikkulukker. Statistikken som er brukt i denne planen er henta frå registeret til SSB og SVV. På landsbasis kostar vegtrafikkulykkene samfunnet kvart år ca kr 35 mrd kroner (utrekningane er baserte på nasjonale gjennomsnittstal frå Trygg Trafikk).

”Nullvisjonen”

Nullvisjonen er ein visjon om eit transportsystem (gjeld all samferdsle) som ikkje fører til døde eller hardt skadde. Nullvisjonen er bygd på at trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forplikting i høve til kvarandre. Trafikantane skal overhalda spelereglane i trafikken og dei skal vera aktsame.

Styresmaktene skal sørgja for at trafikksystemet er så sikkert at ei enkel feilhandling ikkje fører til døde eller hardt skadde. Trafikksystemet skal vera tilpassa mennesket si tåle- og meistringsevne. Nullvisjonen betyr at vi skal førebyggja tap av liv og helse gjennom å avgrensa skadane i dei ulukkene som vi ikkje klarar å hindra. Med nullvisjonen som utgangspunkt er det naturleg å retta fokus mot dei alvorlegaste ulykkene. For å kunna setja i verk målretta tiltak, må vi difor ha kunnskap om kva for ulykker som fører til dei alvorlegaste skadane. Nullvisjonen skal framleis vera grunnlaget for kva mål og tiltak som bør vera viktigast i denne planperioden.

Nasjonale mål

Nasjonal Transportplan (NTP) 2018-2029:

I Nasjonal Transportplan 2018-2029 går det fram at det langsiktige hovudmålet for trafikksikring tar utgangspunkt i; et transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskapning og bidrar til omstilling til «lågutsleppsamfunnet». Regjeringa fokuserer på tre hovudmål:

1. Betra framkomelegheit for personer og gods i heile landet
2. Redusera transportulukkene i tråd med nullvisjonen
3. Redusera klimagassutslepp i tråd med ein omstilling mot et lågutsleppsamfunn og redusera andre negative miljøkonsekvensar.

NTP har sett som mål at talet på drepne og hardt skadde i trafikken vert redusert til 350 innan 2030. Dette inneberer ein reduksjon på om lag 60 prosent samanlikna med gjennomsnittet for åra 2012-2015.

For å nå dette målet må alle aktører trappa opp arbeidet med trafikktryggleik. Nasjonal transportplan viser særleg til tiltak retta mot møte- og utforkøyringsulukker, gåande og syklande og meir trafikksikker åtfærd.

Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018-2021

Trafikksikkerheitsplanen vert utarbeid av Statens vegvesen, politiet, Helsedirektoratet, utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbyar.

Lenke: [Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik 2018-2021](#)

Trafikktryggleiksplanen har 136 målretta tiltak innan 13 ulike innsatsområde for den kommande fireårsperioden. Dette skal bidra til 200 færre drepne eller hardt skadde på norske vegar dei neste fire åra.

Dei 13 ulike satsingsområda som vil få særleg merksemd i planperioden er:

- Fart
- Rus
- Belte i bil og buss og sikring av born
- Born (0-14 år)
- Ungdom og unge førar
- Eldre trafikantar med nedsett funksjonshemming
- Gåande og syklande
- Motorsykkel og moped
- Transport med tunge køyretøy
- Møte- og utforkøyringsulukker
- Tilrettelegging for datautveksling mellom køyretøy og infrastruktur
- Køyretøy teknologi
- Trafikktryggingsarbeid i fylkeskommunar og kommunar



Figur 1: Henta frå nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018 – 2021

2.2 Hordaland fylkeskommune

Generelt

Fokus på trafikksikring er først og fremst viktig for å redusera dei menneskelege konsekvensane, med alvorlege skadar og tap av liv. I tillegg er det slik at trafikkulukker kostar samfunnet svært store ressursar.

Hordaland fylkeskommune sin siste gjeldande Handlingsplan for trafikksikring er frå 2014-2017.

Lenke: [Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017](#)

Ulykkesstatistikk

Ulykkesstatistikkane viser at Hordaland ligg over landsgjennomsnittet og har store utfordringar knytt til å redusera tal og omfang av trafikkulukker. Med tanke på ulukkene med hardt skadde og drepne, skjer eit klart fleirtal av desse utanfor Bergen. Utforkøyningar og møteulukker peikar seg ut som dei viktigaste kategoriane til alvorlege ulukker utanfor Bergen.

Med omsyn til kjønn og alder, er det ein overrepresentasjon av unge menn, spesielt innanfor aldersgruppa 16-20 år, i ulukkesstatistikken. Også her er tendensen klarast i fylket utanfor Bergen.

Mål og satsingsområde

Hordaland fylkeskommune har som mål å følgja opp nullvisjonen og dei nasjonale måla som er nedfelt i Nasjonal Transportplan 2018-2029 for trafikksikringsarbeidet og dei satsings-områda som Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021 legg opp til. Med bakgrunn i dei utfordringane som ligg i trafikkulukkesanalysen, framgår det at Hordaland har spesielle utfordringar i trafikksikringsarbeidet.

I Hordaland har det dei siste åra vore ei mindre gunstig ulukkesutvikling enn gjennomsnittet for Noreg. Dette kan skuldast høgare trafikkvekst enn landsgjennomsnittet og fleire ulukker i Bergen. Når det gjeld dei alvorlege ulukkene derimot, er det særleg i fylket utanom Bergen at utfordringane er størst. Funna i analysen understrekar at det må setjast inn målretta tiltak som vesentleg kan bidra til å redusere talet på alvorlege ulykker og/eller redusera skadegrad innanfor følgjande område:

- Tiltak retta mot møteulukker
- Tiltak retta mot utforkøyringsulukker
- Tiltak retta mot MC-ulykker
- Tiltak retta mot fotgjengar- og sykkelulukker
- Betre trafikantåtferd – fokus på førebyggjande arbeid

2.3 Øygarden kommune

Kommunane er ein viktig aktør i trafikksikringsarbeidet. Kommunale trafikksikringsplanar og kommunane sitt ansvar som planstyresmakt gjer kommunane til ein sentral samarbeidspartnar for fylkeskommunen.


Føremålet med den kommunale trafikksikringsplanen er å leggja grunnlaget for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet. Kommunen sitt ansvar for trafikksikring er mangesidig. Ansvar er dels knytt opp til rolla som veghaldar for kommunale vegar, og vårt ansvar for opplæring i skule og barnehagar og innanfor helsetenesta og miljøretta helsevern.

Dei kommunale trafikksikringsplanane inneheld prioriteringar av fysiske tiltak på eige vegnett, men og prioriteringar på det overordna vegnettet i kommunen. Desse prioriteringane vil vera retningsgevande for fylkeskommunale og statlege trafikksikringstiltak i kommunane.

Kommunen sin siste vedtekne plan galt frå 2012-2017. Det er denne som no vert rullert. Lenke: [Trafikksikringsplan 2012-2016](#)

3.0 ULYKKESTATISTIKK - ØYGARDEN KOMMUNE 2010-2017

Hovudutfordringa i alt trafikksikringsarbeid er å redusere tal, omfang og alvorsgrad på ulukker. For å kunne handtera desse utfordringane gjennom gode prioriteringar og tiltak, er ein avhengig av grundig dokumentasjon av ulukkessituasjonen. I det følgjande vert utviklinga i Øygarden dokumentert, med hovudfokus på åra 2010-2017. Tabellane er utarbeida av trafikksikringskontakt (TS) Mats Korneliussen i Statens Vegvesen.




Figuren over syner fordeling av ulukker i tiårsperioden fra 2008 til 2017 i Øygarden kommune. Det er åra 2009 og 2011 som skil seg ut med flest ulukker – totalt 8 stk. Det skjedde 7 ulukker i 2008 (nest mest). Den vidare fordelinga er relativt lik frå og med 2012 med 4 – 5 ulukker pr. år. Det er 2015 som er det året med færrest ulukker - 2 stk. Til tross for at det har vore få ulukker i åra 2013, 2015 og 2016 har det skjedd ei dødsulykke i kvart av desse åra.

År	Antal ulukker	Antal drepne/skadde	Antal drepne	Antal hardt skadde	Antal lettare skadde
2008	7	13	0	0	13
2009	8	24	0	0	24
2010	4	4	0	0	4
2011	8	10	0	2	8
2012	5	5	0	2	3
2013	4	8	1	2	5
2014	5	5	0	1	4
2015	2	2	1	0	1
2016	4	14	1	8	5
2017	4	4	0	0	4
Totalt	51	89	3	15	71


Tabellen over syner antal ulukker fordelt pr. år. Totalt i tiårsperioden har det skjedd 51 ulukker der 3 er drepne, 15 hardt skadde og 71 lettare skadde. Totalt har det i denne perioden vorte registrert 89 personskader som følgje av trafikkulukker.

Antall ulukker fordelt på ulukkeskategori



Som diagrammet over syner er det utforkjøringsulukker som er den ulukkestypen som det er flest av i Øygarden med totalt 18 registrerte ulukker. Møteulucker og påkjøring bakfra har begge 10 registrerte ulukker. Det er registrert 8 kryssulucker og 5 fotgjengerulucker dei siste 10 åra.

Drepne og skadde fordelt på ulukkeskategori



Figuren over syner at det er møteulucker som er den ulukkeskategorien som har flest drepne og skadde med total 37 stk - der 2 er drepne, 11 hardt skadde og resten lettere skadd. Innan ulukkeskategorien utforkjøringsulukker er det 1 drepne, 4 hardt skadde og 15 lettere skadde. Påkjøring bakfra har medført 19 lettere skadde. Kryssulucker og fotgjengerulucker har medført høvesvis 8 og 5 lettere skadde.

Månad	Antal ulukker	Antal drepne/skadde	Antal drepne	Antal hardt skadde	Antal lettare skadde
Januar	1	2	0	0	2
Februar	4	16	1	2	13
Mars	1	1	0	0	1
April	3	4	0	0	4
Mai	3	6	0	0	6
Juni	9	14	1	2	11
Juli	6	17	0	10	7
August	5	6	0	0	6
September	4	5	0	0	5
Oktober	8	10	0	1	9
November	4	5	1	0	4
Desember	3	3	0	0	3
Totalt	51	89	3	15	71

Tabellen over syner antal ulukker og antal drepne og skadde fordelt på måned. Fordelinga syner at det er månaden juni kor det skjer flest ulukker med 9 stk. Det er registrert 8 ulukker i oktober som er nest mest. Når ein ser på antal drepne og skadde er juli den månaden med flest registrerte skadde - 10 hardt skadde og 7 lettare skadde. Februar er den måneden med nest mest registrerte personskadar med 1 drepen, 2 hardt skadde og 13 lettare skadde – totalt 16 personar. Juni måned er registrert med 1 drepen, 2 hardt skadde og 11 lettare skadde – totalt 14 personar. November er registrert med 1 drepen og 4 lettare skadd.

Dag	Antal ulukker	Antal drepne/skadde	Antal drepne	Antal hardt skadde	Antal lettare skadde
Måndag	11	19	0	2	17
Tysdag	4	4	0	0	4
Onsdag	5	7	0	1	6
Torsdag	3	4	0	0	4
Fredag	13	25	1	8	16
Lørdag	10	20	1	1	18
Søndag	5	10	1	3	6
Totalt	51	89	3	15	71

Tabellen over syner antal ulukker fordelt på vekedagar. Det er fredag og mandag som er dei dagane kor det skjer flest ulukker med henholdsvis 13 og 11. Lørdag er registrert med 10 ulukker. Det er fredag som er registrert med flest hardt skadde med totalt 8 stk. Fredag, lørdag og søndag er alle registrert med ein drepen kvar av dagane.

Trafikantgruppe	Antal drepne/skadde	Antal drepne	Antal hardt skadde	Antal lettare skadde
Bilførar	45	2	5	38
Bilpassasjer	26	1	7	18
Person lett MC	2	0	0	2
Person MC	4	0	0	4
Person moped	2	0	1	1
Person sykkel	4	0	1	3
Fotgjengar	5	0	0	5
Andre	1	0	1	0
Totalt	89	3	15	71


Tabellen over syner ulukker fordelt basert på trafikantgruppe. Det er heilt tydeleg at det er bilførar og bilpassasjer som står for den største andelen drepne og skadde. 71 av 89 registrerte drepne og skadde

er i desse to kategoriane. Blant drepne er 2 registret som bilførar og 1 som bilpassasjer. Dei øvrige registrerte lettare skadde er jamt fordelt i dei ulike trafikantgruppene.


Aldersgruppe	Antal drepne/skadde	Antal drepne	Antal hardt skadde	Antal lettare skadde
0-5	2	0	0	2
6-9	4	0	1	3
10-14	7	0	3	4
15-17	8	0	1	7
18-20	4	0	0	4
21-24	7	0	1	6
25-34	14	0	2	12
35-44	10	0	0	10
45-54	10	0	1	9
55-59	5	0	0	5
60-64	3	0	1	2
65-69	3	0	3	0
70-74	2	1	1	0
75-79	3	1	0	2
80+	7	1	1	5
Totalt	89	3	15	71

Tabellen over gir ei oversikt over drepne og skadde fordelt på aldersgruppe. Som tabellen syner er det aldersgruppa 25 – 54 som står for flest skadde med totalt 34 av 89 registrerte drepne og skadde. De tre registrerte drepne er i kategorien 70 til 80 +. For dei øvrige aldersgruppene fordeler ulukkene seg nokolunde jamnt. Det er innan aldergruppene 0 – 17 år registrert 16 personar lettare skadde og 5 hardt skadde.

Figuren under syner fordeling av antal registrerte personskadar fordelt på vegstrekning. Som fordelinga syner er det tydeleg at fv.561 er den strekninga som har flest skadde med totalt 74 av 89 registrerte personskadar. Blant desse ulukkene er det 1 drepne og 13 hardt skadde. Fv.229 er registrert med 5 lettare skadde og 2 drepne. Sjå elles avsnitt 5.2.1 -oversikt over vegane i Øygarden.



Oversiktsbilte som syner alle ulukker med personskadde og drepne i trafikken i perioden 2008 -2017. Kartet er utarbeida av trafikksikringskontakt (TS) Mats Korneliussen i Statens Vegvesen.



4.0 ORGANISERING AV ARBEIDET MED PLANEN

4.1 Forankring

Kommunestyret vedtok eit planprogram for rulleringa av trafikksikringsplanen i 2017, sak KS 30/17 i møte 24. mai 2017. Vedtaket lydde:

«Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til planprogram for rullering av Trafikksikringsplan 2012-2016. · Det vert vurdert at planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing, jfr § 4 – 2 andre ledd i plan- og bygningslova.. Planen bør/må fokusere på trafikksikringstiltak og ivareta nye prosjekt i kommunedelplanen sin planperiode. Spesielt sikkerhet rundt krysningar for mjuke trafikantar må sikrast.»'

Mål: «Trafikksikringstiltak og positive haldningar skal redusera ulukkene i Øygarden kommune med minst ein tredjedel innan 2022.»

Kommuneplanen sin samfunnsdel kap. 10 omtalar samfunnstryggleik og trafikksikring. Kommuneplanen vart vedtek i 2014 (etter at Trafikksikringsplanen var vedteken i 2012). Hovudmålet er: «Øygarden kommune skal vera en trygg kommune å bu, leva opphalda seg og arbeida i.»

Lenke: [Kommuneplan - samfunnsdelen 2014-2022](#)

4.2 Viktige aktørar i planarbeidet

Politisk styringsgruppe: Formannskapet

I arbeidsgruppa har desse vore med i 2018:

Kommuneplanleggjar/spesialrådgjevar: Jarle Kåre Oen, teknisk plan- og forvaltning (TPF), som også har vore leiar og sekretær for arbeidsgruppa

Einingsleiar: Øyvind Lunde, teknisk plan- og forvaltning (TPF)

Trafikksikringskoordinator (TS): Mats Korneliussen, Statens Vegvesen (SVV)

FAU-representant: Johnny Stewart, representant frå alle FAU-utvala i kommunen

Planleggjar: Sven Selås Kallevik, teknisk plan og forvaltning (TPF)

Ved oppstart i 2017 var noverande kommunalsjef Råmund Skjold og dåverande FAU- representant Nina Knutsen med i arbeidsgruppa. Desse vart erstatta av Sven S. Kallevik og Johnny Stewart hausten 2017).

Det har kome innspel og tilbakemeldingar frå Vik grendalag, Trygg Trafikk, FAU i skulane, einingsleiarar i skulane med fleire undervegs i prosessen.

4.3 Organisering av planarbeidet – planprosessen

Det er vedteke planprogram og framdriftsplan (sjå punkt 4.1). Ei administrativ arbeidsgruppe utpeika av rådmannen har utarbeida planen. Dette er ein kommunedelplan. Grunna ulike omstende knytt til ressursituasjon og omprioriteringar, vart arbeidet med planen forseinka i høve til oppsett tidsplan.

Det er ikkje lagt opp til full revisjon av kommunedelplanen. Øygarden kommune vert samanslått med Fjell og Sund frå januar 2020. Tidshorizonten for det rullerte framlegget vert likevel føreslått fram til 2022. Dermed har me litt å «gå på» for gamle Øygarden kommune.

Denne strategien er oppført i samfunnsdelen om trafikksikring:

Sikra at kommunen har trygge skulevegar og oppdaterte trafikksikringstiltak, jfr revisjon av Trafikksikringsplanen

Målet med denne rulleringa er:

Få ein oppdatert kommunedelplan for trafikksikring

Få ei oppdatert framstilling av dei tiltaka som skal prioriterast i åra fram mot 2022 i samarbeid med statlege og regionale aktørar

Sjå elles punkt 4.1 og 4.2 over

5.0 MÅL OG TILTAK

5.1 Visjon og målsetting

Den overordna visjonen i den nasjonale trafikksikringsplanen vert lagt til grunn – den såkalla ”nullvisjonen”. Nullvisjonen er ein visjon om eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde.

Konkretisert til eit meir spesifikt mål har ein formulert dette hovudmålet:

TALET PÅ DREPNE OG HARDT SKADDE SKAL REDUSERAST MED MINST EIN TREDJEDEL INNAN 2022

Fylkeskommunen har vedteke eigen trafikksikringsplan med egne mål og midlar som byggjer på dei nasjonale måla.

Mål for Øygarden:

TRAFIKKSIKRINGSTILTAK OG POSITIVE TRAFIKKHALDNINGAR SKAL REDUSERA ULUKKENE I ØYGARDEN KOMMUNE MED MINST EIN TREDJEDEL INNAN 2022.

5.2 Registreringar og problemanalyse

Etter evaluering og nye registreringar er alle utgåtte, gjennomførte, vidareførte og nye tiltak omtala i to vedlegg som ligg heilt til slutt i plandokumentet. Sjå vedlegg 1 og 2.

5.2.1 Kommunale vegar

STATENS VEGVESEN VEGLISTE NORMAL

Hordaland, Øygarden kommune

Kommunale vegar

Veg	Vegstrekning	Veglengde (km)	Bruksklasse Sommer Vinter	Tillaten vogntoglengde(m)	Maks totalvekt (tonn)
KV 1052	Rongesund X Fv. 561 - Rongøy fk.	0,564	Bk10	19,50	50
KV 1075	X Fv. 226 Vestresjøen - Ono/Rong	0,397	Bk10	19,50	50
KV 1081	X Fv. 561 Søre Sæle - Ulvøy	1,073	Bk10	19,50	50
KV 2008	X Fv. 227 Blomvågnes - Flåten/Eikeilen, Flotevn.	0,625	BkT8	12,40	40
KV 2012	Flotevn, X Kv. 2008	0,363	BkT8	12,40	40
KV 2014	X Kv. 2015 Dalsnesvn. (Dalsneset)	0,592	Bk10	19,50	50
KV 2015	X Fv. 561 Ljosøyvn., første del	0,095	Bk10	19,50	50
KV 2070	Alvheimstræet - Alvheim	1,055	Bk10	19,50	50
KV	Andre vegar	28,717	Bk8	12,40	32

5.2.2 Fylkeskommunale vegar

STATENS VEGVESEN VEGLISTE NORMAL

Hordaland, Øygarden kommune
Sekundære- og øvrige fylkesvegar

Veg	Vegstrekning	Veglengde (km)	Bruksklasse Sommer Vinter	Tillaten vogntoglengde(m)	Maks totalvekt (tonn)
FV 225	Vik x fv. 561 - Torsvik	2,461	Bk10	12,40	50
FV 225	Arm Vik - Vik kai	0,730	Bk10	12,40	50
FV 225	Arm til Toftevåg	0,079	Bk10	12,40	50
FV 226	Rong x fv. 561 - Vestresjøen	1,027	Bk10	12,40	50
FV 227	Dale x fv. 561 - Knarvik	1,348	Bk10	12,40	50
FV 228	Oen x fv. 561 - Garholet	2,330	Bk10	19,50	50
FV 228	Garholet - Herdlevær	1,453	Bk10	12,40	50
FV 229	Skjold x fv. 561 - Hellesøy	7,964	Bk10	12,40	50
FV 230	Tjeldsto x fv. 561 - Alvheim vassverk	2,480	BkT8	19,50	50
FV 230	Alvheim vassverk - Tjeldstomarka x fv. 561	0,765	Bk10	19,50	50
FV 230	Tjeldsto x fv. 561 - Tjeldsto kai	0,817	Bk10	12,40	50
FV 230	Arm Alvheim skule - Davøy bru	0,256	Bk8	12,40	32
FV 231	Skjold x fv. 561 - Sturevågen x Stureterminalen	1,160	Bk10	19,50	50
FV 231	Sturevågen x Stureterminalen - Nordvik	2,280	Bk10	12,40	50
FV 232	Sæle x fv. 229 - Sæle kai	0,625	Bk10	12,40	50
FV 234	Svelgen x fv. 561 - Fjell gr. (Turøy)	2,366	Bk10	19,50	50

FV 561	Svelgen bru til Sturekrysset (sør for Skjold gard)	ca 20 km
--------	--	----------

5.3 Registreringar med kart - oppsummert krinsvis

I det følgjande vert alle registreringar presentert krinsvis. Kvart einskild tiltak har eit genuint tiltaksnummer som går att i alle tabellar. Tiltaka vert presentert i geografisk rekkefølge frå Hellesøy i nord til til Toftøy i sør. Eit oversiktskart over krinsen viser med 5-kantl og tiltaksnummer den aktuelle staden ein ønskjer utbeta. Nærare tekstomtale av kvart tiltak/innspele/ønskje finn ein i vedlegg 1 (frå side 31). Innspele frå skular og andre er gjengitt og samla i vedlegg 2 (frå side 41).

Det er teke med både «gamle» og nye tiltak. Dei «gamle tiltaka» er tiltak frå utgått plan som ikkje er gjennomført og som vert føreslege vidareført i rullert plan. Nye tiltak er eit resultat av rulleringsprosessen.

Gjennomførte tiltak: 10,12, 14 A, 20, 21, 27, 36, 44, 53, 55 , 56 og 57 vedleggsliste 1

Utgåtte tiltak (ikkje aktuelle lenger): 2, 3, 8, 9 og 11, vedleggsliste 1

Nye tiltak i 2017 / 2018: 58, 59, 60, 61, 62, 63, 64, 65, 66, 67 og 68 vedleggsliste 2 / høyringsrunde

Alle tiltak som ikkje er aktuelle lenger er tekne bort i krinskarta nedanfor.

Alle krinsoversiktene på dei neste sidene er utarbeida av planleggjar i Øygarden kommune Sven Selås Kallevik.


Litt teiknforklaring:

	Tal med grøn farge på kartet - Gjennomførte tiltak
	Tal med oransje farge på kartet - Ikkje gjennomførte tiltak


5.3.1 Bakken/Hatten krins



5.3.2 Alvheim krins




5.3.3 Breivik krins




5.3.4 Blomvåg krins



5.3.5. Rong krins



5.3.5 Toftøy krins



5.4 Veglys

Veglys er eit godt dokumentert trafikktryggingstiltak. Dette har samanheng med at det meste av informasjon køyrande mottok og brukar i trafikken kjem gjennom synet. I mørket oppfattar auga kontrastar, detaljar og rørsler langt dårlegare enn i dagslys. I tråd med handbok for trafikktryggleik utarbeida av transportøkonomisk institutt (TØI), vil veglys redusera personskaedulucker i mørke med i gjennomsnitt 26 %. For antal skadde fotgjengarar i mørke er det funne ein reduksjon på omtrent 50 %.

Resultata tyder på at veglys har:

- Større effekt på **dødsulukker** enn på mindre alvorlege ulukker.
- Større effekt på ulukker med **fotgjengarar** enn på ulukker med motorkjøretøy.
- Større effekt **i kryss** enn mellom kryss i tettbygde strøk.

I Øygarden har det tidlegare vore eigne prioriterte strekningar og løyvingar til veglys. Strekninga Stegevika– Svelgen på FV 561 har i 2018 1. prioritet. Opplysning av kryssingspunkt der gang- og sykkelsti skiftar side på vegen er eit godt trafikksikringstiltak. Det er registrert 5 slike punkt. Det vert elles vist til kap. 6 «Høringsrunden» der tema er utdjuva med konkrete tiltak.

5.5 Vidareføring av «ikkjefysiske» tiltak

Tiltaka på neste side er henta frå den førre trafikksikringsplanen (unnateke av dei to siste). Alle tiltak kan med fordel førast vidare. Å starta tidleg med haldningsskapande arbeid blant dei yngste kan vera avgjerande i arbeidet med å førebyggja og forhindra alvorlege ulykker.

Arbeidsgruppa har vurdert tiltaket «Trafikksikker kommune» som interessant, men dette kan kanskje gjennomførast når Nye Øygarden kommune er etablert i 2020. Det krev ei omfattande sertifisering for å godkjent kommunen som «trafikksikker kommune».

Barn og ungdom har det med å finna sine «eigne vegar» for å koma seg raskaste veg til målet. Dette kan av og til uløysa trafikkfarlege situasjonar. Kommunen fekk i samband arbeidet av kommuneplanen og førre trafikksikringsplan utarbeidd ei såkalla barnetråkkanalyse (2010-2011). Lenkje: <https://www.oygarden.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=10821&FillId=13698>

Under sykkel-VM 2017 var det stort engasjement for å få barn og unge til å sykla. I sykkelopplæringsprogrammet «Alle barna sykklar» skal kvardagssyking og sykkelglede formidlast. Programmet held fram i 2018-2019. Dette kan også ha ein oppdragande effekt på born som sykklar til og frå skulen.



Metodane og ideane «Hjertesoneprosjektet» formidlar vil kunna gje betre tryggleik rundt skulen og sikra nærmiljøet.

Formålet med Hjertesoneprosjektet er å skapa tryggare skulevegar, betre helse og styrkja miljøet i by og bygd. Gjennom Hjertesone blir elevane oppmoda til å sykla eller gå, mens skulane blir oppmoda til å sikra bilfrie soner rundt skulen. Det bilfrie området kan anten vera fysisk stengt for trafikk, eller at det gjennom foreldresamarbeid vert avtalt sikre stoppestar utanfor sona.

Lenkje: <http://mhfa.no/hjertesone-for-tryggere-skolevei-og-aktive-barn/>

TILTAKSLISTE – FØREBYGGJANDE OG «IKKJE-FYSISKE TILTAK»

Tiltak	Omtale	Ansvar	Medverknad
Barnas Trafikkklubb	Informasjon om Barnas Trafikkklubb og evt. gratis innmelding.	Barnehagen	Foreldre/ Trygg Trafikk
Informasjonsmøte med foreldre til 6-åringar	Åtferdsmønster i trafikken Tilgjengelege forskingsresultat om emnet. Verneutstyr i bil. Førebilete i trafikken for borna.	Einingsleiar skule	Foreldre / Trygg Trafikk
Gåtrening til / frå skulen	Borna får følgje med vaksne til/frå skulen. Råd om : korleis ein skal kryssa vegen kvar ein skal kryssa vegen korleis ein skal oppføra seg langs vegen.	Foreldre	Einingsleiar skule/ Lensmannen/ Trygg Trafikk
Trening i å køyre med skulebussen	Oppførsel ved busstoppet Oppførsel ved ombordstigning Oppførsel om bord i bussen Oppførsel etter at bussen har køyrd	Busselskapet	Einingsleiar skule / Trygg Trafikk
Trafikkopplæring i barnehagane.	Integrera trafikkopplæring i fagområda som ligg i rammeplanen for barnehagane	Barnehagen	Lensmannen/ Trygg Trafikk
Trafikkopplæring i grunnskulen	Integrera trafikkopplæring i fagområda som ligg i <i>kunnskapsloftet</i> for grunnskulen	Einingsleiar skule	Lensmannen/ Trygg Trafikk
Eigne sykkeldagar.	Kontroll av sykklar Undervisning i trafikkreglar Informasjon om verneutstyr	Einingsleiar skule	Lensmannen/ Trygg trafikk
Mopedføraropp-læring	Teori om trafikkreglane og mopeden Følgjer ved brot på vegtrafikklova Køyretrening	Einingsleiar Øygarden U.S.	Lensmannen / Trygg Trafikk
”Ledsagarstøtta” føraropplæring	Informasjon til 10. klassingar om privat øvingskøyning. Kontinuerleg mengdetrening for køyreskuleelevar frå 16 år og fram til førarkortet ved fylte 18 år.	Statens vegvesen	Foreldre 10.klassingar Køyreskule
Overvaking / kontroll	Fartskontrollar på utsette stader. Promillekontrollar. Slike kontrollar kan med fordel koordinerast med Fjell og Sund kommunar.	Politi / Lensmann	
Fagleg oppdatering kursing av arealplanleggjarar	Arealplanleggjarar i kommunen får oppdatert kunnskap og kompetanse om trafikksikringskrav i arealplanlegginga.	Rådmannen	Fylkesmann Fylkeskommune
«Alle barn sykklar»	Sykelopplæringsprogram	Einingsleiarar skule	Foreldre
Hjertesone	Få barna til å sykla til skulen - få skulen til å sikra bilfrie soner rundt skulen	Einingsleiarar skule	Rådmann Foreldre

5.6 Arealplanlegging

Anna kommunal planlegging utover denne trafikksikringsplanen, og særskilt arealplanlegging, gjev viktige premisser og føringar for trafikktryggleik. Øygarden kommune arbeider (2018) med m.a. kommunedelplan Rongøy, områdeplan Rong, områdeplan Blomvåg vest, samt fleire andre arealplanar som vil gje viktige premisser for framtidige trafikkløysingar og trafikksikring. Trafikksikring har dei siste åra blitt satt særleg i fokus i arealplanlegging. Dette gjeld for både kommune, konsulentar og Staten vegvesen.

For framtidig trafikksikring er det viktig å ha med trafikksikringstiltak i planprosessane. I Prosessane må ein sjå på og ha tankar om korleis ein eventuell situasjon, eller utbygging, eventuell seinare utbygging kan bli. Det stillast strenge krav til vegutforming og sikringstiltak i kommuneplanen, reguleringsplanar og utbyggingsplanar. Samferdselssektoren bør også integrerast stadig meir i planprosessen. Reint konkret bør det vera eit punkt i føresegnene som seier noko om korleis vegane skal vera utforma, og det bør krevjast at ein legg inn areal til fortau/gang- og sykkelveg, og krav om fartshumpar sjølv om ikkje dette vert ferdigstilt i fyrste omgang.

Dei statlege krava til kommunen, krev at kommunen skal vurdere konsekvensar for born og unge i plan- og byggesaksbehandlinga etter plan og bygningslova, og føreta ei samla vurdering av oppvekstmiljøet til born og unge. På denne måten kan ein arbeida inn mål og tiltak til det beste for born og unge i planarbeidet. Slik vert det viktig å sjå på skulevegen der barn og unge er ekstra utsett for trafikkfare og helsefare. Det er eit mål at flest mogleg skal kunne gå og/eller sykla til skulen utan å måtta bli følgd eller køyrd. Slik vert det viktig å sikra areal som faktisk nyttast, eller som kan nyttast til barn og unge, samt gjennomføre tiltak slik at målet vert oppnådd. Sjølv om ein ønskjer at flest mogleg går eller sykklar til skulen, så er realiteten at dei fleste vert køyrd. Og når situasjonen er slik som han er, vert det også stilt krav til store areal for av- og påstigingsfelt. Men dersom ein legg til rette for gang- og sykkelveg, så vil det verta meir trygt å senda barn avgarde på eiga hand.

Utfordringar innan kommunalt trafikksikringsarbeid er blant anna, som på fylkesnivå, å få sett temaet på den politiske dagsorden, samt å setja trafikksikring inn i ein større samanheng. Dette kan gjerast t.d. ved å:

- lokalisera og samla vegar, bustadar, arbeidsplassar og anna verksemd slik at trafikkmengda og reiseavstanden blir minst mogleg
- etablera eit trafikksystem som separerer fotgjengarar og syklistar frå motorisert trafikk
- leggja inn og visa i plankartet tilstrekkeleg areal til fortau/gang og sykkelveg
- få fartshumpar i store bustadfelt samtidig med ferdigstilling av bustadfelt frå utbyggjar slik at ein unngår meirutgifter i etterkant
- etablera korte og sikre vegar for fotgjengarar og syklistar
- etablera attraktive kollektivtilbod mellom viktige målområde
- etablera eit vegnett som skjermar tilkomstvegar frå gjennomgangstrafikk (hovudveg) gjennom ein eventuell samleveg og slik gjera trafikkmengda i tilkomstvegane minst mogleg
- utforma den einskilde veg etter vegnormalar slik at risikonivået på vegen blir lågt og slik få riktig fartsgrense
- gjera trafikksystemet enkelt og oversiktleg for alle trafikantar
- kartleggja born og unge sine behov
- utføra ROS - analysar og konsekvensutgreiningar ved vegarbeid og stenging av veg knytt til vegarbeid / omlegging av vegar og eventuelt nye vegar.


Alle typar kommunale og private arealplanar skal kvalitetssikrast i høve til trafikktryggleik. Kvalitetssikringa skjer gjennom konsulent, kommune og Statens vegvesen. Statens vegvesen får alle reguleringsplanar til uttale og har motsegnrett til planar med dårleg trafikksikring. Målet til kommunen må vera at planane skal vere så gode på trafikksikring at slike motsegn ikkje skal vera

naudsynte. Mange av dagens utfordringar i trafikken skuldast lite gunstig arealbruk og dårleg/manglande omsyn til trafikksikring i tidlegare planlegging. Kommunane er ansvarlege for å utarbeida og godkjenna arealplanar og byggesakshandsaming, og det er enklare å planlegga trafikksikker arealbruk, enn å innføra trafikksikre løysingar på allereie utbygd areal. Det vert tilrådd følgjande aktuelle tiltak i kommunen og dei faginstansar som får arealplanar til høyring:

- Eigne sjekklister til bruk i planprosessen og byggesakshandsaminga
- Kursing av offentlege planetatar og private konsulentar i TS- kvalitetssikring av arealplanar

5.7 Analyse

Figurane nedanfor illustrerer konsekvens av fart og dødsrisiko for fotgjengarar og retningslinene for tryggleiksavstand langs ein veg med stigande trafikkmengd og fart.




Figur som viser fart i påkjørselsøyeblikket og sannsynligheten for at fotgjengeren skal bli dødelig skadet (Kilde: Interdisciplinary Working Group for Accident Mechanics (1986, Walz et al. (1983), Swedish Ministry of Transport (2002))

Illustrasjonen om fotgjengarar og fart syner at dødsrisikoen stig dramatisk frå 30 km/t og oppover. Over 80 % av alle fotgjengarar som vert påkjørt av eit kjøretøy med 50 km/t overlever ikkje. Er farten 70 km/t, er det nesten ingen som overlever. Dette set krav til gode løysingar for kryssingspunkt for fotgjengarar. Dette gjeld fleire stadar langs FV 561 i heile kommunen. Fartsreducerande tiltak og tilstrekkeleg sikra gangfelt kan vera påkrevd.

Fleire stadar langs FV 561 der farts grensa er over 60 km/t, er tryggleiksavstanden til gangarealet / GS-vegen for kort m.o.t. retningslinene. Her bør det etablerast eit fysisk skille mellom mjuke og harde trafikkantar, t.d. rekkverk, jordvoll og liknande. Dette gjeld fleire stadar. Der gang- og sykkelvegar manglar, bør desse byggjast. Konsekvensen bør bli at trafikksikringstiltaka langs FV 561 må prioriterast høgast.

Tryggleiksavstand langs ein veg (ÅDT = dagleg gjennomsnittleg passering av kjøretøy forbi eit punkt i løpet av eit år). Syner til tabellen på neste side:

Svelgen bru – Raudhammaren (Rong) - har ein ÅDT på mellom 4001- 6000	(oransje line)
Raudhammaren - Harkestad	- har ein ÅDT på mellom 1501- 4000 (mørkegrøn line)
Harkestad - Hellesøy	- har ein ÅDT på mellom 1- 1500 (lysegrøn line)



5.8 Tiltak

Under dette punktet er alle tiltak vurderte ut frå om det skal ha ein høg (H), middels (M) eller låg (L) prioritet. Som nemnd framføre er tiltak langs FV 561 prioritert då statistikken syner at det er her dei fleste ulykkene har skjedd. Tiltaka vert presenterte i tre delar: kommunale tiltak for kommunen sitt ansvarsområde (kommunale vegar, kommunalt trafikkareal), fylkesvegar eigd av Hordaland fylkeskommune og ikkje-fysiske tiltak med hovudvekt på haldningsskapande arbeid. Tiltaka er ikkje kostnadsvurderte. Statens vegvesen har eigne handbøker og standardar for kostnadar knytt til ulike typar tiltak. For dei kommunale tiltaka må det setjast av midlar i dei årlege budsjetta og i økonomiplanen. Sjå elles kap 5.9 og kap 5.9 når det gjeld økonomi og hovudrevisjon. For nærare info om kvart einskild tiltak, vert det synt til vedlegg 1 og 2.

Med knappe midlar er det vanskelege prioriteringar som må gjerast. Ei totalvurdering av kriteria under har vore lagt til grunn for prioriteringane:

sum av tiltak

- Fell tiltaket inn under dei satsingsområda som er utpeika på bakgrunn av problemanalysen?
- Er staden/strekninga spesielt ulukkesutsett, og er dette underbygd av uhell?
- Er det registrert stor utryggleik på staden, og verkar denne spesielt velgrunna?
- Er tiltaket knytt til skuleveg / område der born ferdast i trafikken?
- Har tiltaket spesiell effekt for spesielle ulykkestypar eller målgrupper som er framheva?
- Fordeling på ansvarleg instans/kostnadsberar
- Geografisk fordeling av tiltak i kommunen.

5.8 A. Kommunale tiltak (kommunale vegar og trafikkareal) - prioriteringsliste

PRIORITET Høg = H Middels = M Låg = L	TILTAKS- NUMMER	KORT OM TILTAKET	TILTAK
H	11A	Sikra parkeringsplassen ved Tjeldstø barnehage	
L	12A	Frå krysset ved Jensvardvegen til FV 561 – GS-veg /vegspegl	
M	18	Oen – Herdlevær (heile Breiviksvegen) – diverse tiltak	
M	19	Gulltona – Oen (Breiviksvegen) – fartsreducerande tiltak	
M	22	Fartsreducerande tiltak – vegen forbi Breivik Barnehage	
H	33	Nedsett fartsgrense/skilting – veg frå FV 561 til Blomvåg, S.	
H	34	Eablering av ” på- /avstingings”- løysing ved Blomvåg skule	
L	45	Betring av siktilhøve i krysset Tjødarvegen / Ternholmvegen	
H	50	Skilting, fartshumpar på Daleklettvegen langs FV 561	
H	51	Sperre for innkjøring av bilar på GS-veg ved Daleklettvegen	
M	65	Fotgjengarovergang frå bustadfelt nord for Tjeldstø skule – Neset vegnr. Kv 2060.	
L	66	Utviding Jensvardvegen Kv2058 mot Tjeldstø skule	

Tiltak:



Fartsreducerande tiltak / skilting

Siktutbetring

Rekkverk



Gang- og sykkelveg / overgang

Busstogg / busslommer og leskur

Andre tiltak

5.8 B Fylkeskommunale tiltak (fylkesvegar) - prioriteringsliste

PRIORITET Høg = H Middels = M Låg = L	TILTAKS- NUMMER	KORT OM TILTAKET	TILTAK
M	1	GS-veg frå Hellesøy kai til Bakken skule, rekkverk, skilting	
H	4	GS-veg, rekkverk langs vegen forbi HjelmeNye Kyrkje	
M	5	Sikttiltak langs vegen: Hjelme N.K til Sælekrysset Nord.	
M	6	Sikra støypekant/rekkverk på Sturevegen	
M	13	Etablera busskur i begge retningar ved Alvheimstreet	
L	13A	Fjerna gras og stein i sjølve rundkjøringa på Tjeldstø.	
H	14	GS-veg over brua på Sauøy	
M	15	Etablera busskur i begge retningar ved Tjeldstøkrysset.	
H	16	Etablera busslommer på begge sider ved "Austlandet" - Oen	
H	17	Trygge overgangar mellom busskura på Oen gard	
M	23	Etablera GS-veg frå Rossnes til Kollsnes	
H	24	Fartsreducerande tiltak: Kollsneskrysset - Hildalshaugen	
M	25	Etablera gangfelt i Kollsneskrysset (nord/sør)	
H	26	Trygge overgangar mellom busskura ved Rossnes bustadfelt	
M	28	GS-veg på utsida av O-sundet bru	
M	29	Forlenging av GS-veg frå nordsida av O-sundet bru	
L	30	Fartsreduksjon frå Blomvåg kyrkje til Knarvik / Flåten	
M	31	Utbeta og sikra gangbrua på Dale bru	
M	32	Fartsreducerande tiltak på vegen frå Dale bru forbi B.S	
H	35	Skilta inn- og utkjøring ved Rong skule	
H	37	Utvida GS-veg (vestsida) ved kulturhuset, rekkverk	
H	38	Nedsett fartsgrense for strekninga Ormhilleren – Rong S.	
L	39	Etablera lysregulering ved overgangsfelt ved Rong senter.	
L	40	Flytta eksist. gangfelt (FV 561) på Rong nord om krysset	
M	41	Fleire overgangsfelt langs Nygardsvegen på Rong gard	
M	42	Fartsred.tiltak, skilting langs Nygardsvegen til Rong skule.	
M	43	Avrunda fortauskantar langs Nygardsvegen på Rong	
L	46	Flytta gangfelt ved innkjøringa til Toftøy nye skule	
H	47	Etablera GS-veg på utsida av rekkverk sør for Toftøy skule	
M	48	Utvida vegen i Sørgardsbrekko i Toftedalen -Toftøy	
H	49	Utbeta Vikakrysset til eit tryggare trafikkpunkt.- Toftøy	
H	52	Etablera rekkverk/jodvoll langs FV 561 ved Dalekletten	
H	54	Etablera fortau /GS-veg frå Torsvikkrysset til FV 225	
L	58	Utviding av vegbane, Vik ved nordre del av Sjøvegen FV225	
L	59	Senking av fartsgrense i Toftedalen, fartshumar m.m FV 225	
L	60	Redusert fartsgrense på FV 561 forbi Toftøy barnehage	
H	61	Toftøy -Innkjørselen ved barnehagen og skulen må skiljast	
Gjennomført	62	Rong – nye busskur på ved busstoppet ved Skjoldingsnest	
L	63	Gangveg over Søre Straumesundet bru	
L	64	Gangveg over Nore Straumesundet bru	
H	67	Høyen (Blom) – siktutbetring ved utkjøring til FV 561	
H	68	Nautnes bru – trafiksikringstiltak/skilting – FV 229	



Fartsreducerande tiltak / skilting

Siktutbetring

Rekkverk



Gang- og sykkelveg / overgang

Busstogg /busslommer og leskur

Andre tiltak

Desse 10 tiltaka vert prioritert høgast (fylkesvegar)

1. Tiltak, lyssetting av overgangar/kryssingspunkt - jamfør punkt 5.4 og 6.5 i planen (belysning)
2. Tiltak 35: Skilta inn og utkøyninga ved Rong skule
3. Tiltak 52: Etablera rekkverk/jordvoll langs FV 561 ved Dalekletten – Toftøy
4. Tiltak 49: Utbetra Vikakrysset til eit tryggare trafikkpunkt – FV 561 Toftøy
5. Tiltak 54: Husdalen – fortau/gang og sykkelveg mellom FV561 og FV225
6. Tiltak 67: Siktutbetring ved utkjøring til FV 561 – Høyen (Blom)
7. Tiltak 28: Gang- og sykkelveg på utsida av O-sundet bru - FV 561
8. Tiltak 29: Forlenging av gang- og sykkelveg frå nordsida av O-sundet bru – FV 561
9. Tiltak 47: Etablera gang- og sykkelveg sør for Toftøy Skule – FV 225 Toft
10. Tiltak 14: Gang og sykkelveg over brua på Sauøy – FV 561

Tiltak knytt opp til reguleringsplanarbeid / økonomiplan

Tiltaka 22, 34, 36 og 49 er knytt opp til reguleringsplanarbeid. I gjeldande økonomiplan vedteken i desember 2018 må desse stadane nemnast som arena for trafikksikringstiltak:

- Infrastruktur Arseta sør
- Hellesøy kai, snuplass m/Statens vegvesen
- Rong skule, utviding
- Ny parkering kulturhuset
- Infrastruktur Blomvåg skule (veg og parkering)
- Rundkjøring Rong
- Ny veg til kulturhuset
- Parkeringsplass FV 561- Kjøpmannsvågen
- Trafikksikringstiltak Toftøy skule

5.8 C. Ikkje-fysiske kommunale tiltak

Kommunen har som mål å vidareføra dei såkalla ”ikkje-fysiske” tiltaka slik det går fram av tabellen under kap 5.5 på side 24 , samt auka kompetansen om trafikksikring innan arealplanlegging (kap 5.6 side 25 -26).

5.9 Budsjettmessige og administrative konsekvensar

Kommunestyret set av midlar i årsbudsjet og økonomiplan på dei områda kommunen har eit ansvar. Fylkeskommunen nyttar planen til å prioritera tiltak i vår kommune. Ansvarlege einingar i kommunen skal kjenna til innhald og tiltak i planen og leggja dette til grunn i budsjetteringsarbeid, arealplanlegging og planarbeid elles. Kommunen kan årleg søkja om punkutbetringmidlar i fylkeskommunen. Øygarden kommune har ved fleire høve fått innvilga tilskot frå ordninga i perioden 2015- 2018.

5.10 Oppfølging og evaluering

Trafikksikringsplanen bør hovudrullerast etter fire år. Då er «gamle» Øygarden blitt til «nye» Øygarden. Første verknadsår til denne planen er i 2019. Når det gjeld dei kommunale tiltaka, er det eininga Teknisk Drift og Service (TDS) og utval for drift og samfunnsutvikling (UDS) som har planleggings- og budsjettansvaret for gjennomføring i «gamle» Øygarden (2019). Rette eining og politisk organ for vidare handtering i Nye Øygarden kommune vert fastslege av overordna politisk organ/overordna leiing i den nye kommunen. Som kommunedelplan vil han også gjelda etter kommunesamanslåinga inntil planen vert avløyst av ein ny plan.

6. Høyringsrunde og oppdateringar

6.1 Formannskapsvedtak FS.72/18

Saka vart handsama av formannskapet i sak FS.72/18 i møte den 17.10.2018. Det vart gjort slikt vedtak:

«Rådmannen får i oppdrag å vurdere desse innspela i trafikkisikringsplanen før han vert sendt ut på høyring:

- Det må implementerast i trafikkisikringsplanen at ein må få fotgjengarovergangane i kommunen betre belyst for å hindra ulykker
- Ved bruene ved Kulturhuset (Ulvsundet og lita bru rett sør for Ulvsundet) er det refleksskilt montert på fortauet slik at fotgjengarar må gå ut i vegen for å passere.

Formannskapet ynskjer at ein finn andre løysingar på montering av desse skilta for å sikra tryggleiken til mjuke trafikkantar.

Framlegg til rullert «Trafikkisikringsplan 2018-2022» slik denne ligg føre vert i tråd med reglane i PBL § 5-2, jamfør §11-14, lagt ut på høyring når innspela frå formannskapet er vurdert. Høyringstida er sett til 6 veker og frist for skrifteleg innlevering er sett til 1. desember 2018. Høyringa vert kunnngjort.»

6.2 Høyringsrunden

Alle høringsuttalane ligg som vedlegg 3 i planen. Etter kunnngjort høyringsrunde har det kome innspel/kommentarar frå desse instansane/innbyggjarane:

- Statens vegvesen
- Hordaland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- Innbyggjarar i Høyen-området (Blom)

.Kort oppsummering av høyringsuttalane:

Høyringsinstans	Merknad
Statens vegvesen	Ein svært god og oversiktleg trafikkisikringsplan.
Hordaland fylkeskommune	Ein tydeleg og godt strukturert plan. Kommentarar og innspel: <ul style="list-style-type: none">- Fylkeskommunen oppmodar at kommunen innarbeider relevante tiltak i planverk og verksemd for å følgja opp nasjonale mål for trafikktryggleik- Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å vurdere førebyggjande tiltak for utsette grupper som per no ikkje er omfatta av trafikkisikringsplanen- Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å nytta eigne forum, som t.d. ungdomsråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og eldreråd, til å diskutera trafikktryggleik, med mål om å spreia kunnskap, få innspel, sikra medverknad og byggja gode haldningar Tiltak etter kommunesamanslåinga: <ul style="list-style-type: none">- Arbeida aktivt for at eit breitt og heilskapleg trafikkisikringsarbeid får prioritet i NØK- Arbeida mot ei godkjenning som «Trafikksikker kommune»
Fylkesmannen i Hordaland	Bra med fokus på barn og unge og vidareføring av «ikkje-fysiske» tiltak i punkt 5.5. Barnetråkkanalysen bør oppdaterast. Førebyggjande arbeid også blant vaksne (bilførarar og mjuke trafikkantar)
Innbyggjarar i Høyen-området (Blom)	I Innbyggjarane frå Høyen (Blom) ønskjer at krysset på FV 561 vert sikra for betre sikt ved utkjøring. Tiltaket er teke med i planen.

6.3 Tiltak som må vidareførast/gjennomførast etter kommunesamanslåinga

Dette er ein kommunedelplan som vil vera juridisk gjeldande etter kommunesamanslåinga inntil planen vert avløyst av ein ny plan for heile (Nye) Øygarden kommune. Tiltak har vore vurdert, men står ikkje på tiltakslista. Desse vert føresått gjennomført i Nye Øygarden kommune:

- Nye Øygarden kommune vert sertifisert som trafikksikker kommune
- Det vert arbeida vidare med å knyta kommunen til tiltaket «Hjertesone - trafikksikker skuleveg» der kommunen kan søkja om tiltaksmidlar
- Det vert arbeidd aktivt, breitt og heilskapleg med trafikksikringsarbeidet
- Etablera varige medverknadsprosessar frå m.a. ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetting for å spreia kunnskap, få innspel og sikra gode haldningar
- Nytta planen aktivt til å søkja på ulike fylkeskommunale tilskotsordningar innan trafikksikringsarbeidet
- Det vert laga ei ny barnetråkksanalyse i samband med utarbeiding av ny kommuneplan for Nye Øygarden kommune

6.4 Andre oppdateringar

Høyringsrunden: Innspel frå bebuarar i Høyen-området på Blom om at utkjøring til FV 561 må siktutbetrast. Sjå høyringsvedlegg. Tiltak 67. Sjå kart for Blomvåg krins side 19.

Høyringsrunden: Nautnes bru har vorte lysregulert. Etter dette har fleire gåande observert at enkelte bilar har stor fart når dei kjører over brua. Gåande, syklande og gåande med barnevogn opplever dette som utrygt. Det må vurderast trafikksikringstiltak for å sikra tryggleiken til dei mjuke trafikantane som ferdast over brua. Tiltak 68. Sjå kart for Bakken/Hatten krins side 16.

Desse to tiltaka er gitt prioritet H (høg) og lagt inn i tabellen under punkt 5.8 B på side 28.

Statens Vegvesen opplyser (februar 2019) at refleksskilta på bruene ved kulturhuset på Rong skal fjernast (som formannskapet viser til i sak 72/18). Dette vert erstatta med anna alternativ merking for snøbrøyting som ikkje hindrar mjuke trafikantar å ferdast på fortaua.

6.5. Tilskotsmidlar frå Statens vegvesen til lyssetting av overgangar på FV 561

Det vert vist til formannskapet sitt vedtak sak 72/18 frå 17.10.2018:

«Det må implementerast i trafikksikringsplanen at ein må få fotgjengarovergangane i kommunen betre belyst for å hindra ulykker»

Dette er ivareteke i endeleg plan. Sjå kart og tabell på side 32 og 33. Sjå også punkt 5.4.

Under slutthandsaminga av planen etter høyringsrunden, opplyste Statens vegvesen sin representant, Mats Korneliussen, at det er avsett kr.500.000 til lyssetting av dei 5 overgangane der gang- og sykkelveg skiftar side i langs FV 561 i Øygarden kommune. Statens vegvesen har bestemt å prioritera desse overgangane som kjem fram av kartet på side 32 (gul farge).



Lyssetting overgangar Fv 561			
id	Stad	Kommentar	Veg
1	Stegavika	Planlagd tiltak for lyssetting	Fv 561
2	Vikakrysset	Busstopp. Skal sanerast etter tiltak i plan for Dalekletten	Fv 561
3	Norlavatnet	Busstopp. Skal sanerast etter tiltak i plan Dalekletten	Fv 561
4	Toftøybanen	Busstopp.	Fv 561
5	Torsvik kryss	Busstopp. Skal sanerast etter tiltak i plan for Kleppedalen	Fv 561
6	Stekabakken	Busstopp.	Fv 561
7	Kjøpmannsvågen	Friluftsområde. Farleg kryssing.	Fv 561
8	Ormhilleren	Friluftsområde. Farleg kryssing. Avkøyrse skal sanerast etter tiltak i plan for Rongøy	Fv 561
9	Raudhammaren	Overgang er lyssett.	Fv 561
10	Austmarka	Busstopp. Skal sanerast etter tiltak i plan for Vikane.	Fv 561
11	Arseta	Busstopp. Skal sanerast etter tiltak i plan for Vikane.	Fv 561
12	Rong	Lyssetting overgang.	Fv 561
13	Øygarden ungdomsskule	Lyssetting overgang.	Fv 561
14	Rong kulturhus	Busstopp.	Fv 561
15	Søre Sæle SØR	Planlagd tiltak for lyssetting	Fv 561
16	Søre Sæle NORD	Busstopp.	Fv 561
17	Blom	Undergang.	Fv 561
17	Dale	Busstopp.	Fv 561
18	Naturgassparken	Busstopp.	Fv 561
19	Osundet bru	Planlagd tiltak for lyssetting	Fv 561
20	Nålura	Planlagd tiltak for lyssetting	Fv 561
21	Rossnes	Busstopp.	Fv 561
22	Ovågen	Busstopp.	Fv 561
23	Austlandet	Busstopp.	Fv 561
24	Straumsøy	Busstopp.	Fv 561
25	Tjeldstøstraumen	Busstopp.	Fv 561
26	Tjeldstø 1	Lyssetting overgang.	Fv 561
27	Tjeldstø 2	Lyssetting overgang.	Fv 561
28	Tjeldstø 3	Lyssetting overgang.	Fv 561
29	Tjeldstø NORD	Kryssningspunkt.	Fv 561
30	Alvheimkryss	Planlagd tiltak for lyssetting	Fv 561
31	Sturekryss	Busstopp.	Fv 561

På side 32 er det vist eit kart for alle kryssingspunkta langs fylkesveg **FV 561**. Dei **blå** overgangane bør belysast. Dei oppmerka gangfelta i senterområdet på Rong og på Tjeldstø (ved rundkjøringa) er også merka med **blått**. Der det er busstopp, vert det rekna som kryssingspunkt då passasjerar kan kryssa veg.

Statens vegvesen brukar kr. 500.000 til å lyssetta alle overgangane (5) der gang- og sykkelveg skiftar side langs FV 561. Desse er: Toftøy ved Stegevika, Søre Sæle, O-sundet bru, Nålura og Tjeldstø - merka **gult**. Fem busstopp på Toftøy og Rong skal sanerast i hht nye planar, merka **(raudt)**. To kryssingspunkt knytt til friluftsområde bør lyssettast **(grøn)**.

TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2019-2022

VEDLEGG:

- Vedlegg 1: OMTALE AV TILTAK I GAMAL PLAN INKL. EVALUERING.....S. 35**
Vedlegg 2: NYE INNSPEL MED OMTALE I RULLERINGSPERIODEN.....S. 45
Vedlegg 3: INNKOMNE HØYRINGSUTTALAR – 4 STK S. 53
Vedlegg 4: KOMMUNESTYRESAK KS. /19 – SLUTTBEHANDLING.....S. 59

VEDLEGG 1: OMTALE AV TILTAK I GAMAL PLAN INKL. EVALUERING

FYLKES VEGNR	KOM. VEG	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE /TILTAK
FV 229	-	1	Hellesøy kai – Bakken skule	Delar av denne vegstrekninga er dårleg sikra. Eit parti har svært låge støypekantar. Svingane til Unnesdalen kan vera uoversiktlege. Eit kortsiktig tiltak er å innføra fri skulerute frå Hellesøy til Bakken skule og frå Sælekrysset til Bakken skule. Særleg vinterstid. Det langsiktige tiltaket er å få på plass ein gang- og sykkelveg. (heretter G/S) mellom Hellesøy kai og Sælekrysset. Det vert synt til reguleringsplanen for Hellesøy som er under arbeid. Otto Hellesund meinte det vil gå ei tid før denne vert gjort gjeldande. Subsidiert kan fortau i visse delar av strekninga akseptast. Skal G/S-en byggjast, må ein ta noko av området på gravplassen på Bakken til veg. Planlegging av utviding av gravplassen er eit arbeid som pågår, og må sjåast i samanheng med dette tiltaket
FV 229	-	2	Strekninga forbi Bakken skule Dette tiltaket er teke bort då skulen er lagt ned..	Strekninga attmed Bakken skule har 30 km/t fartsgrense. Denne bør forlengast eit stykke nordover og sørover.
	X	3	For liten parkeringsplass ved Bakken skule Dette tiltaket er teke bort då skulen er lagt ned..	Grunna for få parkeringsplassar ved skulen, kan ”uvøren” parkering føra til trafikkfarlege situasjonar. Det er trong for min. 11 parkeringsplassar, medan det no berre er plass til om lag halvparten.
FV 229	-	4	Vegen forbi Hjelme Nye Kyrkje	Dette vert opplevd som ein farleg strekning. Syklende og gåande elevar på veg til skulen frå sør pleier å kryssa vegen der svingen byrjar for å koma inn på ein G/S-veg som fører ned mot gravplassen. For å krysse veg der G/S-vegen sluttar for dei som skal sørover, er sikta svært dårleg. Etablering av fortau, eller forlenging av G/S-vegen rundt svingen vil betre dette til eit akseptabelt nivå. Dette krev m.a. at muren på vestsida av vegen mot kyrkja må rivast. Så langt plannemnda kjenner til, har soknerådet tidlegare ikkje hatt noko imot eit slikt fysisk inngrep
FV 229	-	5	Hjelme Nye Kyrkje- Sælekrysset nord	Denne strekninga har fleire punkt med svært dårleg oversyn og kan difor vera trafikkfarleg. Ved utkjøringa frå Sælevegen (mot nord nærast kyrkja), er det mykje vegetasjon som stengjer synsfeltet for trafikk som kjem frå sør. Dette må fjernast. Dessutan er det fleire knausar og små høgdedrag nær denne utkjøringa spesielt på austre side av vegen som reduserer sikta. Bort- sprenging av desse vil gje eit betre og meir oversiktleg trafikkbilete og dermed auka tryggleiken.
FV 231	-	6	Sturevegen	På Sturevegen ned mot hovudvegen til Stureterminalen, er det eit parti av vegen med svært låg støypekant og fallhøgd på fleire meter på austsida av vegen. Vegen er smal, og om vinteren kan bussar på glatt føre få problem og i verste fall skli utfor vegen her. Tiltak som kan bøta på dette er å setja opp eit rekkverk.

FYLKES VEGNR	KOM. VEG	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE / TILTAK
FV 229	-	7	Nautnes - Skjold	Vegen på Nautnes er mange plassar smal og trong. På sørsida av Nautnesbrua gjennom Nordvik og Hovden er det også smale og tronge parti. Gjennom Skjold gard er toppunktet på vegen utsett. Bilistane kjører fort. Barn som skal passera over vegen har dårleg oversyn i begge retningar. Har skjedd nesten - ulykker her. G/S-veg her ville løyst problema. Alternativt med fartshumpar og nedsett fartsgrense. Det vert også synt til planlegging av ny vegtrase / utbetring av strekninga Skjold og Hellesøy. Dette ligg noko fram i tid.
FV 230	X	8	Alvheim skule – SFO på- og avstiging. Dette tiltaket er teke bort då skulen er lagt ned..	Området ligg på sørsida av skulen. Foreldre kjører opp til SFO - brakkane ved levering/henting av barn og ryggar ned igjen. Dette skapar trafikkfarlege situasjonar. Bør nytta skulen sin parkeringsplass / av- og påstigingsplass litt lenger nord. Tiltaket er rett å slett å stengja for innkjøringa med ein bom.
FV 230	X	9	Alvheim skule Parkeringsplass – på og avstiging Dette tiltaket er teke bort då skulen er lagt ned..	Tre og buskar tett opp til vegen ved parkeringsplassen kan fjernast for å sikra sikt og utsyn. Fartsgrensa forbi skulen er 50 km/t . Denne kan søkjast om å få ned til 40 km/t. For å betra tilhøva omkring på- og avstiging, kan det etablerast ein ”drop-off/ pick up” – ei slags rundkjøring – jfr. det slik det fungerer ved ungdomsskulen. Dette kan vi få til ved inngangen til skulen, men området kan då ikkje brukast til parkering. Eit anna alternativ er å stengja av denne delen og la all på- og avstigingsaktivitet føregå på vestsida av vegen på parkeringsplassen.
FV 230	-	10	Rossnesbrekko Tiltaket er gjennomført	Dette er ein del av same vegstrekninga som omtala i punkt 9 over. I den bratte bakken har nordsida av vegen ein masse ”søkk og knudrar” – altså svært ujamn veg over mange meter – som kan medføra at syklende kan mista styringa og falla av, noko som også har skjedd. Vegen må utbetrast og nyasfalterast, slik at han blir jamn og kjørbar.
FV 230	-	11	Alvheim skule – Tjeldstøkrysset Dette tiltaket er teke bort då skulen er lagt ned..	Eventyrskogen er eit område som ligg ein liten kilometer frå skulen mot riksvegen. Dei minste på Alvheim skule nyttar dette området ofte og må gå langs fylkesvegen som er utan G/S-veg . Bilane kan kjøra fort og ein lyt vera sær påpasseleg. Det ideelle er G/S-veg mellom Alvheim skule og Tjeldstø-krysset. Alternativt: legga fartshumpar og redusera fartsgrensa.
-	X	11A	Parkeringsplass Tjeldstø barnehage	Parkeringsplassen er uoversiktleg ved av- og påstiging i rushtida, trongt og vanskeleg å snu. Dårleg utelys på parkeringsplassen, spesielt mot barnehagen og mellom parkeringsplassane. Dårleg sikt frå den nederste P-plassen. Registrert nesten-ulykker. Farleg skrent må sikrast. Smal veg.
FV 561	-	12	Rundkjøringa ved det gamle kommunehuset på Tjeldstø Tiltaket er gjennomført	Eit ”barnetråkk” går over vegen vestom rundkjøringa. Forslag om rekkverk. Trafikk til/frå Harketstad /Ådnevika som skal ut / inn ved rundkjøringa, har utsynet sperra av ein stor bergknaus. Dette kan skapa trafikkfarlege situasjonar. Denne bør sprengjast bort. Tiltaka kan samordnast med områdeplanen for Tjeldstø.
-	X	12A	Kryss ved avkjørsle til barnehagen	Krysset ved avkjørsle til barnehagen/bustadfelet Jensvarden og til evt. ny skule i Nesemyra. Er uoversiktleg. Behov for sladrespeil.
FV 230		13	Alvheimstræet	Etablera busskur på høveleg stad i begge retningar ved Alvheimstreet

FYLKES VEGNR	KOM. VEG	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE / TILTAK
FV 561	-	13A	Rundkjøringa på Tjeldstø	Haugen av stein og ugras i rundkjøringa tar all sikt med tanke på dei yngste fotgjengarane (skuleborn). Barnehagen har registrert mange farlege episodar med høg fart og nestenulukker. For å betra sikta, bør haugen med stein og gras i sjølve rundkjøringa takast bort.
FV 561		14	Sauøy Bru	Etablera GS-veg på utsida av brua
-	X	14A	Skuleveg- Ådnevik /Harkestad	Vegen er smal og utan veglys Kan vera trafikkfarleg for skuleborna, spesielt vinterstid.
FV 561		15	Tjeldstømarka (Tjeldstøkrysset)	Eltablera busstur på høveleg stad i begge retningar ved Tjeldstøkrysset.
FV 561		16	Busstogg – ”Austlandet” i Oen	Her manglar busslommer på begge sider av vegen. Trafikkfarleg stad. Ikkje gangfelt. Skulebussen stoggar ikkje her.
FV 561		17	Kryssing av veg – Ovågen	Barn og vaksne som bur austom vegen og som må kryssa vegen for å koma til busshaldeplassen sørgåande- og tilsvarande for dei som bur vestsida som skal stiga på/av den nordgåande bussen , må forsera rekkverk for å koma over vegen. For mindre born i skulepliktig alder kan dette vera både utfordrande og farleg . Busstogga ligg svært nær kvarandre. Her må noko gjerast for å skapa ein tryggare overgang.
	X	18	Oen – Herdlevær (heile Breivikvegen)	Store delar av vegen har 80 km/t fartsgrense. Denne bør reduserast til 50 km/t. Strekinga forbi Breivik Barnehage bør ha ei fartsgrense på 40 km/t med fartshumpar. Nederst i ”Gulltona” er det ein fjellknaus som stengjer for sikta. Denne bør sprengjast bort. I Breivik har ein støypekant sege ut. Denne må utbetrast. Ved Garholet fell det ned steinar frå fjellet. Her må det reinskast og sikrast mot steinsprang.
	X	19	Gulltona frå toppen til Oen ved utkjøring –I FV 561(Breivikvegen)	Her er vegen smal. Det er bustader på begge sider av vegen som er utan gangfelt. Det bør leggjast fartshumpar lang heile strekinga. Kommunal veg.
	X	20	Gulltona nederst (Breivikvegen) Tiltaket er gjennomført	I svingen lengst nede er det uoversiktleg. Her bør det fjernast lausmassar, tre og buskar for å betra sikta. Kommunal veg.
	X	21	Garholet (Breivikvegen)	Her bør det skiltast som farleg kryss der fylkesvegen møter kommunal veg.. Vidare bør det leggjast til ”Breivik” på namneskiltet som no står.
	X	22	Vegen forbi Breivik barnehage. Ny barnehage er planlagt. Nye trafikksikringstiltak vil koma i lys av dette.	Forbi barnehagen bør det vera fartshumpar og redusert fartsgrense. Heile vegen mellom Oen og Breivik bør asfalterast og skiltast med fartsgrense 50 km/t. Dette er ein kommunal veg.
FV 228		23	Rossnes – Kollsnes (Kollsnesvegen)	Det er ønskeleg med ein gangsti frå Kollsneskrysset og eit stykke forbi gassbehandlingsanlegget.
FV 228		24	Kollsneskrysset –Hildalshaugen	Fartsgrensa bør vera 50 km/t frå Kollsneskrysset til toppen av Hildalshaugen. Det er bustadfelt og utkjøringar på kvar side av vegen . Fylkesveg.
FV 228		25	Kollsneskrysset (Rossnes)	Nærmiljøutvalet ønskjer eit gangfelt ved innkjøringa til Kollsnesvegen. Gangfeltet ”bind” gang- og sykkelstien på kvar side saman. I tillegg er det eit parti i på søre sida av vegen som manglar asfalt som trengs utbetrast. Fylkesveg.

FYLKES VEGNR	KOM. VEG	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE / TILTAK
FV 561		26	Ved Rossnes bustadfelt	Ved Rossnes bustadfelt er det busstogg på kvar side av vegen. Mange elevar må kryssa vegen kvar dag til og frå skulen. Dette vert ikkje opplevd som trygt av nærmiljøutvalet og dei som bur der. Det må etablerast ein tryggare og meir trafikksikker overgang for dei mjuke trafikk-kantane. Det nye Osundet byggjefelt som er planlagt på austsida av vegen, vil setja endå større krav til trafikksikring. Det må lagast ei samla og framtidsretta løysing med sikre trafikkløysingar både for kjørande og gåande. Fylkesveg.
FV 561		27	Osundet bru – Rossnes bustadfelt Tiltaket er gjennomført	Fartsgrensa, spesielt ut frå noverande tilhøve, bør reduserast frå 80 til 60 km/t med verknad sør for brua og fram til Rossnes byggjefelt der grensa no er 60 km/t. Fylkesveg.
FV 561		28	Osundet bru	Det er vanskeleg for gåande og syklende å passera brua på smale fortau. Løysinga er å laga eit gang- og sykkelstien som vert festa til vestsida av brua og møter gang- og sykkelstien på Blomvågsida. Fylkesveg.
FV 561		29	Osundet bru nord – til busskur	Det manglar ein kort strekning med gang- og sykkelveg frå nordsida av brua (vestsida) og om lag 100 meter fram til endepunktet av eksisterande gangveg. Når punkt 1 og 2 (sjå over) vert gjennomført, vil det vera gang- og sykkelsti samanhengande frå Oen og fram til Blomvåg skule (og vidare sørover til kommunegrensa). Fylkesveg.
FV 227		30	Blomvåg Kyrkje- krysset til Knarvik/Flåten	Denne korte strekninga er smal og uoversiktleg over ein bakkekam. Det kan verta vanskeleg å få lagt ein gangsti her (kjem inn i hagane til folk), med det bør søkjast om fartsreducerande tiltak og min 40 km/t fartsgrense. Vegen vidare til Knarvik og Flåten er smal. Vidare utbygging i området krev utbetringar.
FV 561		31	Dale Bru	Statens Vegvesen sin representant (Inger Markhus) påpeika at både rekkverk og underlag ikkje er tilfredstillande (materialval) etter dagens standard. Dette bør skiftast. Elles har det vore registrert at betongbitar har falle frå brua.
FV 561		32	Vegen frå Dale Bru - forbi B.S.	Busslomma vert opplevd nær vegen som har 60 km/t fartsgrense. Dei minste barna må passast på når dei ventar på bussen. Her kan følgjande tiltak gje effektar: <ul style="list-style-type: none"> - Fartshumpar - Nedsett fartsgrense frå Dale bru (start vestsida) og eit stykke forbi skulen – til 40 km/t - Betring av sikt mot brua – fjerning av plantar i rabatt ved busshaldeplassen - Flytting av skilt som varslar skuleveg til ein meir synleg stad nærare vegen. (Ved Dale bru på austsida)
	X	33	Frå 561 og opp til Blomvåg skule	Dette er ein kommunal veg. For å unngå farlege situasjonar mellom gåande/syklende og kjørande, bør fartsgrensa her ikkje vera høgare enn 20 km/t. Skilting.

FYLKES VEGNR	KOM. VEG	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE / TILTAK
	X	34	Parkeringsplassen nordaust for Blomvåg skule Er planlagt ny barnehage nær skulen. Nye trafikksikringstiltak vil koma i lys av dette.	Slik det no er, kan det oppstå situasjonar mellom gåande og kjørande på "vegssystemet" opp til skulen. Etter gjennomgåande diskusjon av ulike løysingar, enda ein opp med eit forslag på ei "drop-off/pick up" – løysing ved parkeringsplassen nordaust for skulen.. Dette inneber at dei fleste parkeringsplassane på høgre side (nærast skulen) må "ofrast" for denne planløysinga. Likevel skulle det vera god plass i eksisterande angitt parkeringsplass nedanfor skulen for dei plassane som går tapt her. Nokre tilsette må gå litt lenger. Med denne løysinga vert det fin flyt og ungane slepp å treffa på møtande trafikk når dei skal gå resten av skulevegen opp til skulen, jfr elles løysinga ved ungdomsskulen. Det er viktig at det kjem opp skilt når planløysinga er gjennomført.
FV 226	X	35	Rong skule – ut og innkjøring	Skilting av inn – og utkjøring ved skulen med einvegskjørt og innkjøring forbode, då slik at trafikken vert leda inn innkjørselen nærast skulebygningen og ut ved enden av parkeringsplassen.
	X	36	Rong Skule - innkjøring ved gymsal. Er planlagt ombygging skulen. Nye trafikksikringstiltak vil koma i lys av dette.	Innkjøring forbode v/ "gymnastikksal". Området ved inngangen til gymnastikksalen vert brukt som parkeringsplass av foreldre som hentar/leverer barna til skulen, og dei må då rygge ut at når barnet er levert. Området dei då rygger på er sterkt trafikkert av barn på veg inn eller frå skulen. FAU ønskjer at ein ser nærare på om det er mogleg å delvis fysisk sperre området i samanheng med bruk av innkjøring forbode skilting. Men likevel med moglegheit for varelevering og innkjøring for rullestoltilpassa bilar. Området har i seinare tid vorte endra på, då ved oppføring av "skatepark" og med påfølgande ny plassering av avfallseiningar. Dette har likevel ikkje endra kjøremønsteret til foreldre som leverar/hentar born. Det er ønskjeleg å fremma eit kjøremønster der av og på stigning går føre seg utan rygging.
FV 561		37	Breiare gangfelt ved kulturhuset	Breiare gangfelt langs hovudvegen v/kulturhuset – fotballbana . delar av gangfeltet er for smalt samtidig som at det ikkje er avgrensa mot hovudveg med autovern eller liknande. Kommunen eig tomte på vestsida av vegen (idrettsbana), noko som kan gjera det lettara å gjera naudsynte inngrep.
FV 561	X	38	Ormhilleren – Rong senter	Nedsett fartsgrense mellom 50 sona v/ Ormhilleren og 50-sona ved Rong Senter , samt autovern eller liknande fysisk hindring mellom hovudveg og gang/sykkelveg. Dette ikkje berre for å hindra ulykker der trafikk frå hovudveg ender opp inne på gang/sykkelveg men også for å hindra born frå å kunna springa ut i hovudvegen
FV 561		39	Rong Senter – lysregulert gangfelt	Lysregulerte overgangfelt langs hovudvegen. Hovudvegen over Rongøy er sterkt trafikkert av både personbilar og tungtransport. Ein opplever stadig at trafikken ikkje respekterer dei gåande som ventar på å kunna kryssa vegen, og FAU meiner det berre er spørsmål om tid før ein vil oppleva ei ulykke der den gåande "trudde" bilen kom til å stoppa. Lysregulerte overgangsfelt vart innført i Fjell Kommune på strekninga Kolltveit – Ågotnes av same grunn, dette etter fleire ulykker i overgangsfelta. Det skulle vera unødvendig etter FAU si vurdering ikkje å ta lærdom av dette før det skjer ulykker på Rong òg. For lysregulerte overgangar gjeld særlege reglar som vegvesenet må følgja. I Øygarden er trafikkmengda for låg til å få gjennom eit slikt tiltak i dag.

FYLKES VEGNR	KOM. VEG	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE / TILTAK
FV 561		40	Rong Senter - flytta overgangsfelt	Flytta overgangsfeltet som kryssar vegen mellom Rong Senter og bensinstasjonen. Dette overgangsfeltet er plassert mellom to T-kryss noko som gjer det uoversiktleg både for bilistar og gåande. Overgangsfeltet må flyttast til nordsida av krysset som leier inn til Rong Senter / Nygardsvegen . Dette vil ikkje berre gjera overgangsfeltet meir oversiktleg, men mein får då også plassert overgangsfeltet slik at ein også fangar opp gåande som kjem opp gangvegen frå ungdomsskulen. Desse kryssar i dag vegen på denne staden sjølv om det ikkje er overgangsfelt her. Det er også viktig å få god belysning ved alle overgangsfelta i krysset for at dei skal verta så oversiktlege som mogleg. <i>Vegvesenet sin representant Inger Markhus opplyste under synfaringa at plasseringa av gangfeltet vart avgjort etter detaljerte registreringar i forkant (kor kryssa fotgjengarar vegen.)</i>
FV 226		41	Nygardsvegen -Haugetun, Arsettunet	Fleire overgangsfelt, ved Haugetun , der fortau på Nygardsvagens sørsida ender, samt også eit overgangsfelt ved Arsettunet
FV 226		42	Nygardsvegen - Rong Senter. – Rong skule	Fleire fartshumpar, på strekninga Nygardsvegen, mellom Rong Senter og Rong Skule. Skilting om 30 km/t sone, gjeldane for heile Nygardsvegen frå krysset ved hovudveg v/Rong senter, også med skilting som viser at ein kjører på ein skuleveg.
FV 226		43	Nygardsvegen Rong Senter.- Haugetun	Avslutningar på fortau i overgang mellom fortau og vei må tilpassast betre då det no vert kantar som er såpass høge at dei skapar problem for rullestolbrukarar, barnevogner og syklistar. Sjå eksempelvis første innkjøring til bustadhus på høgre sida etter Rong senter mot skulen Dette fører også no til at barn som sykklar til skulen føretrekker fortau på venstre side av Nygardsvegen frå Rong senter, for så å krysse vegen ved Haugetun der dette fortauet ender.
	X	44	Veg frå FV 561 til Storevarden I/II Gjennomført	Bilar har vore observerte med stor fart. Behov for fartsreducerande tiltak.
	X	45	Tjødnarvegen	Trafikk som kjem frå TBOS / ungdomsskulen og skal svinga ned til Ternholmvegen og rådhuset, har dårleg sikt for møtande trafikk, på grunn av mur med gjerde på sørsida av Blom Bensin.
FV 225		46	Gangfelt ved innkjøring til Toftøy nye skule	Gangfeltet må flyttast til sørsida av innkøringa. Det vil gje ein tryggare og meir oversiktleg overgang.
FV 225		47	Manglande GS-veg sør for Toftøy Skule	Sør for skulen er det eit stykke utan GS-veg. Fotgjengarar må gå langs vegen som er smal før ein kjem til fotgjengarfeltet. Ein GS-veg på utsida av gjerdet mot vest vil sikra gåande og syklistar heilt fram til skulen og vil gje ein samanhengande GS-veg.
FV 225		48	Sørgardsbrekko - Toftedalen	Vegen vert opplevd som for smal til at to bilar kan passera kvarandre. Dette vert opplevd som eit problem, spesielt når det er glatt og det er stor trafikk til og frå skulen. Men fortauet er svært breitt. Vegen i brekka bør utvidast slik at to bilar trygt kan passera kvarandre.

FYLKES VEGNR	KOM. VEG	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE / TILTAK
FV 561		49	Vikakrysset Det pågår reguleringsarbeid som omfattar nye løysingar i dette området.	Vikakrysset vert opplevd som eit svært trafikkfarleg punkt, der det har skjedd både uhell og ulukker. Syklende som kjem sørfrå (Vik og Knappen) og skal til skulen (via Daleklettvegen langs fylkesveg 561) sykklar ut i vegbana frå vestsida av gangbrua då fortauet leier ned mot Toftedalen og ikkje mot Daleklettvegen. Dette betyr at dei møter kryssande trafikk frå bilar til og frå riksvegen (som har 80 km/t). Her må det lagast ei samla løysing der alle omsyn vert ivareteke slik at det vert etablert trafikk sikre tilhøve både for kjørande og gåande i langt større grad enn i dag.
	X	50	Daleklettvegen langs FV 561	Frå Vikakrysset går ein veg til Dalekletten bustadfelt som også vert nytta til gang/sykelsti. Her er det ikkje skilta og strekninga er utan fartsgrense. Det bør etablerast fartsreducerande tiltak med fartshumpar og skilta fartsgrense.
		51	Daleklettvegen inngang GS-veg	Det bør lagast ei sperre (stor stein eller liknande) som hindrar bilar å kjøra inn på gangstien mot skulen. I tillegg bør det koma rekkverk mot fylkesvegen slik at bilar ikkje kjører inn på gangstien, noko som førekjem no. Kommunalt ansvar.
FV 561		52	Område utan rekkverk ved Dalekl.	Eit lengre stykke er gang- og sykkelstien ubeskytta mot fylkesvegen (3 meters avstand). Eit rekkverk eller ein jordvoll vil gje tilstrekkeleg sikring.
FV 561		53	Området ved Toftøy idrettsbane Gjennomført tiltak ved flytting av busskur lenger nord	Vegen her har 80 km/t fartsgrense. Her er det ein sving som reduserer synsfeltet for kjøretøy som kjem frå sør. Dette er problematisk for gåande som skal kryssa vegen frå busstogget for å koma ned til idrettsbana som ligg vestom fylkesvegen. Bilane kan koma brått på og dette kan skapa trafikkfarlege situasjonar.
FV 561		54	Torsvik-krysset – ned mot FV 225	Her manglar det ein GS-veg. Mange elevar brukar denne vegen og må gå i vegbana. Det er fullt mogleg å utvida vegen her ved å etablere eit fortau.
FV 225		55	Torsvik kai - Toftøy skule	Det vert synt til eigen reguleringsplan for denne strekninga der det er planlagt vegutviding og trafikk sikringstiltak med fortau langs ei side av vegen frå skulen og til Torsvik kai. Arbeidet er påbyrja i 2011 og blir avslutta 2012.
FV 561		56	Busskur Torsvik nord austsida	Busskuret er dårleg fundert , står på lausmassar og heng delvis i ”lause lufta” på baksida. Dette er utrygt og farleg. Skuret kan rasa ut. Vegvesenet bør utbetra dette straks.
	X	57	Manglande busskur ved vegkrysset til Løten	Etablere høveleg busskur ved innkjøringa til løtenvegen (ved alt etablert busstogg).

EVALUERING - Kommunale tiltak (kommunale vegar og trafikkareal) 2012-2016:

PRIORITET Høg = H Middels = M Låg = L	TILTAKS- NUMMER	KORT OM TILTAKET	EVAVUERING 2018
L	3	Utvida parkeringsplassen ved Bakken skule	Ikkje aktuelt lenger - skulen nedlagt
H	8	Alvheim skule: Stengja innkjøringa til SFO	Ikkje aktuelt lenger – skulen nedlagt
H	9	Alvheim skule: ”på- /avstingings”-løysing, fartsreducerande tiltak, skilting, fjerning av vegetasjon for betring av sikt.	Ikkje aktuelt lenger – skulen nedlagt
H	11A	Sikra parkeringsplassen ved Tjeldstø barnehage	Ikkje gjennomført
L	12A	Frå krysset ved Jensvardvegen til FV 561 – GS-veg /vegspegl	Ikkje gjennomført
H	14A	Siktutbetring og lys på skuleveg Ådnevik/Harkestad	Gjennomført desember 2017
M	18	Oen – Herdlevær (heile Breiviksvegen) – diverse tiltak	Ikkje gjennomført
M	19	Gulltona – Oen (Breiviksvegen) – fartsreducerande tiltak	Ikkje gjennomført
M	20	Gulltona – nederst (Breiviksvegen) - siktutbetring	Gjennomført
M (H)	21	Garholet – skilting /reinsking av fjellet	Gjennomført
M	22	Fartsreducerande tiltak – veggen forbi Breivik Barnehage	Ikkje gjennomført
H	33	Nedsett fartsgrense/skilting – veg frå FV 561 til Blomvåg. S.	Ikkje gjennomført
H	34	Etablering av ” på- /avstingings”- løysing ved Blomvåg skule	Ikkje gjennomført – vert vurdert på nytt i samband med bygging av ny barnehage
H	36	Forbod mot kjøring/park. ved inngangsparti Rong Sk.- 1.etg	Delvis gjennomført – sett opp blokkering
M	44	Fartsreducerande tiltak på tilf.vegar til Storevarden I og II	Gjennomført – sett opp fartsdumpar
L	45	Betring av siktilhøve i krysset Tjodarvegen / Ternholmvegen	Ikkje gjennomført
H	50	Skilting, fartshumpar på Daleklettvegen langs FV 561	Ikkje gjennomført
H	51	Sperre for innkjøring av bilar på GS-veg ved Daleklettvegen	Ikkje gjennomført
L	57	Busskur ved innkjøringa til Løten-vegen	Gjennomført

EVALUERING - Fylkeskommunale tiltak (fylkesvegar) 2012-2016

PRIORITET Høg = H Middels = M Låg = L	TILTAKS- NUMMER	KORT OM TILTAKET	KORT EVAVUERING 2018
H	1	GS-veg frå Hellesøy kai til Bakken skule, rekkverk, skilting	Ikkje gjennomført
H	2	Forlenging av nedsett fartsgrense forbi Bakken skule.	Ikkje aktuelt lenger – skulen nedlagt
H	4	GS-veg, rekkverk langs vegen forbi Hjelme Nye Kyrkje	Ikkje gjennomført
M	5	Sikttiltak langs vegen: Hjelme N.K til Sælekrysset Nord.	Ikkje gjennomført
M	6	Sikra støypekant/rekkverk på Sturevegen	Ikkje gjennomført
H	10	Asfaltera /reparera vegbana i ”Rossnesbrekko”	Gjennomført
H	11	Ny GS-veg , fartsred. tiltak Alvheim Skule - Tjeldstøkrysset.	Ikkje aktuelt lenger – skulen nedlagt
H	12	Siktutbetringar /rekkverk ved rundkjøringa på Tjeldstø	Siktutbetringar gjennomført. Ikkje rekkeverk
M	13	Etablera busskur i begge retningar ved Alvheimstreet	Ikkje gjennomført
L	13A	Fjerna gras og stein i sjølve rundkjøringa på Tjeldstø.	Ikkje gjennomført
H	14	GS-veg over brua på Sauøy	Ikkje gjennomført
M	15	Etablera busskur i begge retningar ved Tjeldstøkrysset.	Ikkje gjennomført
H	16	Etablera busslommer på begge sider ved ”Austlandet” - Oen	Ikkje gjennomført
H	17	Trygge overgangar mellom busskura på Oen gard	Ikkje gjennomført
M	23	Etablera GS-veg frå Rossnes til Kollsnes	Ikkje gjennomført
H	24	Fartsreducerande tiltak: Kollsneskrysset - Hildalshaugen	Ikkje gjennomført
M	25	Etablera gangfelt i Kollsneskrysset (nord/sør)	Ikkje gjennomført
H	26	Trygge overgangar mellom busskura ved Rossnes bustadfelt	Ikkje gjennomført
H	27	Forlenging av 60-sona frå Rossnes til sør for O-sundet bru	Gjennomført
M	28	GS-veg på utsida av O-sundet bru	Ikkje gjennomført
M	29	Forlenging av GS-veg frå nordsida av O-sundet bru	Ikkje gjennomført
L	30	Fartsreduksjon frå Blomvåg kyrkje til Knarvik / Flåten	Ikkje gjennomført
M	31	Utbetra og sikra gangbrua på Dale bru	Ikkje gjennomført
M	32	Fartsreducerande tiltak på vegen frå Dale bru forbi B.S	Ikkje gjennomført
H	35	Skilta inn- og utkjøring ved Rong skule	Ikkje gjennomført
H	37	Utvida GS-veg (vestsida) ved kulturhuset, rekkverk	Ikkje gjennomført
H	38	Nedsett fartsgrense for strekninga Ormhilleren – Rong S.	Ikkje gjennomført

PRIORITET Høg = H Middels = M Låg = L	TILTAKS- NUMMER	KORT OM TILTAKET	KORT EVAVUERING 2018
L	39	Etablere lysregulering ved overgangsfelt ved Rong senter.	Ikkje gjennomført
L	40	Flytta eksist. gangfelt (FV 561) på Rong nord om krysset	Ikkje gjennomført
M	41	Fleire overgangsfelt langs Nygardsvegen på Rong gard	Ikkje gjennomført
M	42	Fartsred.tiltak, skilting langs Nygardsvegen til Rong skule.	Ikkje gjennomført
M	43	Avrunda fortauskantar langs Nygardsvegen på Rong	Ikkje gjennomført
L	46	Flytta gangfelt ved innkjøringa til Toftøy nye skule	Ikkje gjennomført
H	47	Etablere GS-veg på utsida av rekkverk sør for Toftøy skule	Ikkje gjennomført – avsett midlar til gangfelt
M	48	Utvide vegen i Sørgardsbrekko i Toftedalen -Toftøy	Ikkje gjennomført
H	49	Utbetra Vikakrysset til eit tryggare trafikkpunkt.- Toftøy	Ikkje gjennomført, men reguleringsplan under arbeid.
H	52	Etablere rekkverk/jodvoll langs FV 561 ved Dalekletten	Ikkje gjennomført
H	53	Betra sikta på vegstrekninga forbi Toftøy idrettsbane	Har flytta busskuret og opna rekkverket på andre sida.
H	54	Etablere fortau /GS-veg frå Torsvikkrysset til FV 225	Ikkje gjennomført
H	55	Vegutviding og trafikksikrings-tiltak med fortau langs ei side av vegen frå Toftøy skule til Torsvik kai.	Gjennomført
H	56	Utstabilt fundamentert busskur nær Rongesundet bru -Toftøy	Gjennomført

VEDLEGG 2: INNSPEL MED OMTALE 2017/2018

Merknader :

T = Toftøy Krins.....

R = Rong Krins.....

BL= Blomvåg Krins.....

A = Alvheim krins.....

- 1) Tiltaka T1 – T5 er innspel frå FAU Toftøy skule
- 2) Tiltaka T6 – T10 er innspel frå Vik Grendalag
- 3) Tiltaka R1 - R5 er innspel frå FAU Rong Skule
- 4) Tiltak R6 er innspel frå FAU Øygarden ungdomskule
- 5) Tiltak BL 1 er innspel frå rektor på Blomvåg skule
- 6) Tiltak A1-A2 (Alvheim krins) frå FAU Tjeldstø skule

To tiltak er lagt inn etter høyringsrunden – merka tiltaksnr 67 og tiltaksnr. 68

FYLKES VEGNR	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE /TILTAK
FV 225	T1 Nytt tiltaks- nr.61	Trafikkområde ved Toftøy skule	<u>Innkjøring til Toftøy barnehage</u> Innspel frå FAU Toftøy Skule: Innkjørselen ved barnehagen og skulen må skiljast slik at det er direkte ankomst for ca 100 familier som skal henta og bringa borna til barnehagen. I tillegg er det rundt 50 personar på jobb kvar dag.
FV 561	T2 Nytt tiltaks- nr.60	Fylkesvegen på austsida av barnehagen	<u>Redusert fartsgrense på FV561 forbi Toftøy barnehage:</u> Innspel frå FAU Toftøy Skule: Fylkesvegen langs barnehagen har 80 km/t sone. Me brukar fortauet som turveg opptil fleire dager i veka, og må krysse vegen for å komme oss inn i skogen. Me ber om at fartsgrensa vert redusert til 60.

FYLKES VEGNR	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE /TILTAK
FV 561	T3 Jfr. tiltak 54 i planen	Hovudvegen mellom Torsvik og Vikakrysset	<u>Autovern langs FV561</u> Innspel frå FAU Toftøy Skule: Langs fylkesvegen det og ei lita grasstripe, der det har vore mange utforkjørslar dei siste åra. Me ønsker at det kjem opp autovern før det skjer ei større ulykke. Me veit at det vert sagt at graset er godt nok til å stoppe tungtransport, men kan me garantere for at barn til og frå skule og barnehage ikkje går på denne grasstripa...?
FV 225	T4 Nytt tiltaks- nr.59	I Toftedalen	<u>Møteplassar i Toftedalen:</u> Innspel frå FAU Toftøy Skule: Då det ikkje er nok møteplassar i Toftøydalen ber me om at de må senkefartsgrensa der, i tillegg må det kome fleire møteplassar og fartsdumper nettopp for å redusere farten der mange foreldre ferdast for å nå både skule og jobb kvar dag.
Frå FV 561 til FV 225	T5 Jfr. tiltak 52 i planen	Husdalen på Toftøy	Innspel frå FAU Toftøy Skule: Mangler fortau og lys ned Husdalen der det er mange barn som går og sykler til
FV225 - vidare til «Sjøveg- en»	T6	Heilt ned ved Vik Kai der vegen svingar inn på Sjøvegen	<u>Tilkomst søre Vik</u> Vik Grendalag skriv i brev av 20. april 2017: «Viser til skriv 12/858 (22.05.2012) & 12/1027 (02.04.2012), innspill ikkje tatt med som tiltakspunkt i plan 2012-2016. Vik Grendalag er fremdeles bekymret for trafikkfellen Øygarden Kommune etablerte ved den nordlige kommunale veien langs Vikavågen – Sjøvegen. Trafikkfellen er laget av Øygarden Kommune ved oppsettelse av «høy» mur for å skille kommunal vei og inngang til leiligheter.

	Nytt tiltaks- nr.58		<p>Dette har gjort veibredden minimal.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktuell mur gjør at personer med Barnevogn ikke har mulighet til å komme ut av veibanen når biler kommer. Små barn fanges i veibanen når biler kommer. • Øygarden Kommune har valgt å videreføre muren helt til krysset mellom Sjøvegen og FV 225 uten korrekt utforming med avrundning til kryss. Dette medfører at større biler ikke får snudd på endel av FV225, og de må rygge tilbake på FV225 (vedlegger bilde) • Biler fra Sjøvegen styres over i feil kjøretretning ved starten på FV225 pga unødvendig lang oppsatt mur i nordlige hjørne. <p>Det er mange gående i området, som bruker dette som turvei, og skolevei. Øygarden kommune har i tillegg tillatt rehabilitering av bygg på både sør og nordsiden (Barkegrue) i starten på Sjøvegen, som gir unødvendig trang tilkomst lang Sjøvegen som er tilkomstvei for nesten 40 boenheter på søre Vik.</p> <p>TILTAK: Vik Grendalag ser for seg en utvidelse av den kommunale veibanen, med fortau på en strekning på om lag 100m og korrekt utforming av kryss - i nordre delen av Sjøvegen. Dette som tiltak for å kompensere på etablert trafikkfelle. Tiltak må inn i rullert plan til 2020»</p> <p>»</p>
FV561	T7 Jfr. tiltak 49 i planen	«Vikakrysset»	<p><u>Tiltak nr 49 -FV 561 Vikakrysset</u> Vik Grendalag skriv i brev av 20. april 2017:</p> <p>«Krysset er fremdeles farlig og uoversiktlig. Vi vil påpeke tidligere innspill (12/858):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Buss på busstoppet sørover reduserer sikt i krysset når en skal nordover • Det er manglende nedsenkning på fortauet som leder ned mot Toftedalen for å kryss til Daleklettvegen (mindre utbedring som burde vært utført) • Manglende overholdelse av vikeplikt fra Toftedalen mot Vikabrekko – Vikepliktskilt bør settes opp med tilhørende merking i veien. (mindre utbedring som burde vært utført) • Autovern mellom FV561 og begynnelsen Daleklettvegen er med å hindre sikt i krysset (mindre endring vil bedre sikten) <p>Vik Grendalag er positiv til at det skal gjennomføres forbedring av krysset ifm utbygging i Dalekletten, og er gjerne med på høring i aktuell prosess</p>

FYLKES VEG NR	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE /TILTAK
FV561	T8 Jfr. tiltak 52 i planen	Langs fylkesveg 561 mellom etter stykke forbi Vikakryuset og mot Toftøy idrettsbanek	<u>Tiltak 52 - Område utan rekkverk ved Dalekl. Etablere rekkverk / jordvoll</u> Vik Grendalag skriv i brev av 20. april 2017: «Vik Grendalag støtter opp om aktuelt tiltak, selv om fagmyndighet har nevt at dagens avstand er «god nok». Tiltak blir sett på som nødvendig, da det i siste planperiode har vært tyngre kjøretøy som har kommet helt inn på gangveien. Tiltak i plan 2012-2016 støttes og bør videreføres i ny plan.»
	T9 Jfr. tiltak 50 i planen	Daleklettvegen er ein kombinert gang-sykelsti og kjøreveg. Fekk avslag på søknad om utbetningsmidlar i 2018 (fylkeskommunen)	<u>Tiltak 50 Daleklettvegen langs FV 561 Skilting, fartshumpar.</u> Vik Grendalag skriv i brev av 20. april 2017: «På aktuell strekning var det en front mot front januar 2016. Veifeltet som er bredt benyttes også som gang/sykelsti. Tiltak i plan 2012-2016 støttes og bør videreføres i ny plan.»
FV226	R1 Jfr. tiltak 41-43 i planen	Vegen mellom Rong senter og Rong skule	<u>Fartsdump og eller overgangsfelt før krysset ved Haugetun</u> Innspeil FAU Rong Skule: Elevar kryssar vegen like før eit uoversiktleg vegkryss då fortauet sluttar her. Enden av fortauet ligg like ved ei innkjørsel og bilar kjem brått på etter ein sving inn i vegkrysset. Det har vore eit ønske lenge om fartsdump og eller overgangsfelt der fortauet sluttar.
FV561	R2 Nytt tiltaks- nr.62	Busstopp ved Skjoldingsneset/Storevarden/Veslevarden/Pålsneset DETTE TILTAKET ER ALT GJENNOMFØRT !	<u>Busstopp ved Skjoldingsneset/Storevarden/Veslevarden/Pålsneset</u> Innspeil FAU Rong Skule: Eit stort antal elevar ved Rong Skule bur i dette området og nyttar skulebusstilbodet. Det er i dag to busskur som vert nytta av elevar på Rong Skule, Øygarden Ungdomsskule og andre som nyttar buss. På dagar med mykje regn er det trangt om plassen i busskura og dei minste elevane vert ståande ute. Statens Vegvesen har vore på synfaring i området og har gitt tilbakemelding om at busstoppet/skuret vil bli utvida. Dette er særønskeleg for FAU

FYLKES VEG NR	TILT.- NR	VEGSTREKNING /STAD	OMTALE AV INNSPEL / ØNSKJE /TILTAK
FV 561	R3 Jfr. tiltak 38 i planen	Mellom Rong senter og 50-sona ved Raudhammaren (Austemarka)	<u>Senka fartsgrense på fylkesveg ved Austemarka</u> Innspel FAU Rong Skule: Ei stor elevgruppe har sin skuleveg til fots eller på sykkel langs fylkesvegen. I dag er det ei fartsgrense på 80 km/t på strekninga ved Austemarka og kunn ei smal grasslette «beskyttar» eit stadig aukande antal born mot bilar i høg fart. FAU ønskjer at fartsgrensa langs heile strekninga frå Rongesundet Bru til Øygarden Kulturhus ikkje overstig 60 km/t.
FV226	R4 Dette er eit driftstiltak (ikkje investering)	Rong skule	<u>Utfordringar vedkomande av-/påstigning ved Rong Skule under ombygging/utbygging</u> Innspel FAU Rong Skule: Rong skule har hatt store utfordringar i skuleåret 2017/2018 vedr. Av- og påstigning ved skulestart/skuleslutt. Under utbygging av skulen dette skuleåret vert store delar av parkeringsplassen til skulen nytta som anleggsområde og berre nokre få plasser er ledig til personalparkering. Dette har ført til føresette har parkert på begge sider av veien ved skuleport for av-/påstigning. Etter anbefaling frå Rong skule/FAU stoppar no føresette langs vegen i riktig kjørefelt langs skuleport for avstigning. Dette fungerer greitt dei fleste dagar. Den største utfordringa vert ved skuleslutt når føresette skal stå parkert over noko lengre tid. Bilar står då parkert på begge sider av vegen og ved bedehuset, kor eit klassetrinn har klasserom og skulen har sin administrasjon og må krysse fylkesvegen for å komme til skuleplass/SFO. Det er eit ønske frå skulen/SFO med utvida parkeringsmoglegheiter ved skulen, også under anleggsperioden for å unngå farlege situasjonar. Det er og ønskeleg med stop forbode -skilt ved bedehus og langs høgre kjørefelt i bakken ved skulen.
FV226	R5	Rong skule	<u>Utfordringar med parkering ved levering og henting på SFO</u> Innspel FAU Rong Skule: I tidrommet frå ca kl 08 til ca kl 15 er det særst avgrensa prakeringsmoglegheiter ved Rong skule, då tilgjengelege plassar er reservert for personalet ved Rong Skule. I dette tidsrommet er det mange born som vert levert/henta på SFO, der føresette parkerer og følger/henter sitt barn. Her oppstår det dagleg uheldige situasjonar, med parkering på fortau, langs vegen og i

	Dette er eit driftstiltak (ikkje investering)		<p>innkjørsel til privat bustad ved skulen.</p> <p>Det er eit ønskje frå Skulen/SFO med utvida parkeringsmoglegheiter ved skulen, også under anleggsperioden for å unngå farlege situasjonar. Det er og ønskjeleg med stopp forbode-skilt ved bedehus og langs høgre kjørefelt i bakken ved skulen.</p> <p>Ombygginga av Rong Skule er planlagt ferdigstilt sommaren 2018, det er uklart om denne fristen vert ståande. Vidare er vi glad for at det er vedtatt å byggja ny gymsal ved Rong Skule men det vil trolig gjere at trafikksituasjonen ved Rong Skule vil vere utfordrande også under neste byggjetrinn. Elevtalsutviklinga i Øygarden visar at elevtalet ved Rong skule vil auke betydelig dei neste åra og vi ønskjer å rette fokus på å gjere skulevegen for borna våre trygg til tross for meir trafikk.</p>
FV561	R6	Busstopp ved kulturhuset	<p><u>Busstopp ved kulturhuset</u></p> <p>FAU Øygarden ungdomskule v/ Jan Inge Oen:</p> <p>«Har følgende innspill til trafikksikringsplan.</p> <p>Bussen som kommer hver morgen fra nord til ØUS med elever, stopper ved busstoppen hver morgen ved Øygarden kulturhus, på vestsiden av veien. Alle elevene går da av bussen og må da krysse veien for å komme seg opp til Øygarden ungdomsskole.</p> <p>Følgende situasjoner oppstår da:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elever krysser veien ved å gå rett over veien der hvor bussen stopper. • Det er sjelden at elevene går langs gangfeltet på vestsiden av veien for å komme til overgangsfeltet og da krysse veien. • Vi har hatt flere tilløp til nestenulykker med at elever krysser veien. • Elever kan bli påkjørt og i verste fall drept. • Eleven i denne alderen tar som oftest korteste vei for å passere veien, selv om vi har oppfordret elevene til bruke oppmerket gangfelt. <p>Tiltak</p> <p>Tiltaket er enkelt. Øygarden kommune må legge til rette for at bussen kjører opp til ØUS og slipper elevene av ved skolen. Det er mulig ansvaret med skolebussen ligger hos</p>

			fylkeskommunen, men Øygarden kommune må håndtere dialogen videre slik at skole bussen kjører opp til skolen. Kan nevne at skolebussen som kommer fra søre delen av kommunen kjører opp til ØUS med elevene hver dag. For ytterligere informasjon i saken så kan dere ta kontakt med undertegnede.»
FV561	BL1 Jfr tiltaka 31, 32, 33 i eksisterande plan Nye tiltaksnr.63 og 64		<p><u>Nedsetting av fartsgrense forbi Blomvåg skule</u></p> <p>Frå rektor på Blomvåg skule, Linda Blomvågnes:</p> <p>«Tiltak 32 Veggen frå Dale Bru - forbi Blomvåg skule: Fleire fartsreducerande tiltak, siktutbetring. M 32: Fartsreducerande tiltak på veggen frå Dale bru forbi B.S . Kva skjer her? Korleis sikra betre borna som skal kryssa veggen her? Bør oppjusterast frå M(moderat) til H (høg prioritet). Elles syns eg det som er viktigast for folk flest er å få til gang- og sykkelveg på utsida av bruene frå Rong og til Tjeldstø. Det er livsfarleg å ta med elevar over desse bruene utan å setja i verk omfattande tiltak kvar gong me skal over bruene. Til punkt 5.2.4 i eksisterande trafikksikringsplan bør «Alle Barn sykler» vera nemt og integrerast som opplæringstiltak.</p> <p>Merknad: Her er også innspel og gang- og sykkelbru over sør- og nordre Straumesundet</p>
FV561	Nytt tiltaksnr. 67	Siktutbetring ved utkjøring frå Høyen (Blom) til FV561	<p><u>Høyringsrunden:</u> Innspel frå bebuarar i Høyen-området på Blom om at utkjøring til FV 561 må siktutbetrast. Sjå høyringsvedlegg.</p>
FV561	A1 Nytt tiltaksnr.65		<p><u>Overgangsfelt ved Tjeldstø Skule</u></p> <p>FAU-representantar på Tjeldstø Skule:</p> <p>«I forbindelse med boligfeltet som er etablert nord for skolen, er det laget ny gangvei ned mot skolen. Denne er mye brukt av skolebarn som går/sykler til skolen, og bør sikres med fotgjengerovergang. Fortauskanten ved dette feltet bør også tilpasses, slik at det legges best mulig til rette for syklister, barnevogner osv.»</p>

	A2 Nytt tiltaks- nr.66		<p><u>Vei fra avkjørsel til Nesemyra og bort mot nedkjørsel til skolen bør gjøres ca 30cm bredere.</u></p> <p>FAU-representantar på Tjeldstø Skule:</p> <p>«Denne veien er ny, og er nok laget smal med vilje for å sikre at fartsgrensen skal overholdes. Problemet for trafikantene er at den nok er litt for smal, så flertallet av bilistene velger å vente på motgående trafikk, for så å kjøre når veien er ledig. Og er de da sent ute, eller ny bil venter på andre siden, har farten lett for å bli noe stor. Om veien kunne utvides med ca 30cm., så ville trafikkavviklingen bli mye bedre, og sjansen vil være større for at fartsgrenser blir overholdt.</p> <p>Myke trafikanter er allerede godt sikret ved eget fortau, samt at flertallet av de som skal langs veier, velger å bruke egen gangvei mellom veien og Nesemyra.»</p>
FV226	Nytt tiltaksnr. 68	Fartsreducerande tiltak ved Nautnes bru	<p>Høyringsrunden: Nautnes bru har vorten lysregulert. Etter dette har fleire gåande observert at bilane har stor fart når dei kjører over brua. Gåande, syklande og folk med barnevogn opplever dette som utrygt. Det må vurderast fartsreducerande tiltak for å sikra tryggleiken til dei mjuke trafikkantane som ferdast over brua..</p>

VEDLEGG 3: HØYRINGSUTTALÅR



Statens vegvesen

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Jarle Kåre Oen

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Mats Korneliussen / 99341206	18/234951-2	16/3847 – 18	30.11.2018

Uttale til trafikksikringsplan 2018–2022 – Øygarden kommune

Viser til mottatt trafikksikkerhetsplan for 2018–2022 til uttale. Under er vår uttale til trafikksikkerhetsplanen.

Statens vegvesen sin trafikksikkerhetskontakt for Øygarden kommune Mats Korneliussen har deltatt i arbeidsgruppen som har utarbeidet trafikksikkerhetsplanen som er sendt på høring. Vi opplever prosessen med utarbeidelse av trafikksikkerhetsplanen som svært grundig og konstruktiv. Det er blitt gjort en grundig innsats for at skoler og innbyggere har hatt muligheten for å komme med innspill til planen. Dette har resultert i en svært god og oversiktlig trafikksikkerhetsplan for Øygarden kommune. Vi mener at trafikksikkerhetsplanen ivaretar og viderefører nasjonale og regionale mål og føringer for å redusere andelen trafikkulykker i Øygarden kommune i tråd med nullvisjonen. Utover det som er nevnt ovenfor har vi ingen merknader til trafikksikkerhetsplanen for Øygarden kommune 2018 – 2022.

Vi ser frem til et godt samarbeid videre med trafikksikkerhetsarbeidet i Øygarden kommune.

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Mats Korneliussen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

ØYGARDEN KOMMUNE
Ternholmvegen 2
5337 RONGDato: 06.12.2018
Vår ref.: 2018/15237-2
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Att. Jarle Kåre Oen

Uttale til høyring av trafikksikringsplan for Øygarden kommune 2018-2022

Hordaland fylkeskommune syner til høyringa av framlegg til trafikksikringsplan for Øygarden kommune 2018-2022, og takkar som høyringspart for tilsendt planframlegg.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar for trafikktryggleik

Hordaland fylkeskommune har eit breitt ansvar for trafikktryggleiken som regional myndigheit og utviklingsaktør, vegeigar og skuleeigar. Fylkeskommunen har etter §40a i vegtrafikklova (1965) eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremma trafikktryggleiken i fylket. Etter folkehelselova (2011) §20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremma folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Fylkeskommunen skal også understøtta folkehelsearbeidet i kommunane, og vera ein pådrivar og koordinator for folkehelsearbeidet i fylket.

Mål og satsingsområde for trafikktryggleiksarbeidet

Trafikktryggleiksarbeidet i Hordaland fylkeskommune er forankra i gjeldande *Regional transportplan for Hordaland 2018-2029* (RTP), og i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*, som erstattar tidlegare handlingsplan for trafikksikring. Overordna mål for RTP er at Hordaland skal ha «*eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet*». Nullvisjonen er den felles visjonen som ligg til grunn for alt trafikksikringsarbeid i Noreg, der ein jobbar for eit transportsystem der ingen vert drepne eller hardt skadd. Nasjonal transportplan 2018-2029 har som mål at talet på personar som vert drepne eller hardt skadde i vegtrafikken maksimalt skal vere 350 innan 2030. Hordaland skal ta sin del av dette etappemålet.

For Hordaland er målet for perioden dette:

Tal personar som vert drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024, og 33 i 2030.

For å nå etappemålet må me særleg retta innsatsen mot utfordringane som medfører drepne og alvorleg skadde i fylket. Det førebyggjande arbeidet er også særskilt viktig.

Ut frå dette vil Hordaland fylkeskommune har følgjande tre satsingsområde i planperioden:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strøk

- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Politiske utval for trafikksikring og samferdsel

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland er eit politisk utval med rådgjevande medlemmar frå Trygg Trafikk, Politiet, Statens vegvesen, Autoriserte trafikkskolers landsforbund og Ungdommens fylkesting, samt representantar frå fylkesadministrasjonen som jobbar med samferdsel, opplæring og folkehelse. FTU Hordaland administrerer tilskotsordningar til mindre fysiske trafikksikkerheitstiltak, lokale trafikksikringsarrangement og utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Døme på andre viktige satsingar for FTU er godkjeningsordninga Trafikksikker kommune og Hjertesone. Årleg arrangerer FTU ein trafikksikringskonferanse, som er den viktigaste møteplassen i Hordaland for kommunar og andre aktørar i trafiktryggleiksarbeidet.

Utval for miljø og samferdsel (MISA) er nivået over FTU i utvalsstrukturen, og er fagutval for samferdselssaker. Dei siste åra har dei administrert ei tilskotsordning til trygg skuleveg og punktutbetring, der kommunane har hatt høve til å søka om større, fysiske trafikksikringstiltak enn kva FTU-ordninga tillèt. Tilskotsordninga er ikkje ei fast ordning det er budsjettert for, men har kome til dei siste åra gjennom politiske ønskje og ekstraløyvingar over fylkesbudsjettet.

Fylkesutvalet er delegert myndigheit som vegstyresmakt for fylkesveg i Hordaland.

Innspel til kommunen sin trafikksikringsplan

Kort om planen

Framlegg til trafikksikringsplan for Øygarden kommune 2018-2022 er ein tydeleg og godt strukturert plan, der vurderingane som ligg til grunn for føreslåtte tiltak kjem tydeleg fram. Planen byggjer på ulykkesstatistikk og kjend kunnskap om verknaden av ulike typar tiltak. I planen vert både fysiske, trafikantretta og organisatoriske tiltak presentert.

Tiltak knytt til Fv561 er prioritert høgast, då dette er hovudvegen i kommunen der dei fleste ulykkene finn stad. Tiltaka som kommunen ønskjer å få gjennomført på fylkesveg er sett opp i ei prioritert liste. Hordaland fylkeskommune ser positivt på at arealplanlegginga si rolle i å sikra god trafiktryggleik er så tydeleg vektlagt i planen.

Forankring av trafiktryggleiksarbeidet i kommunen

Fylkeskommunen vil vidare framheva betydninga av at politisk og administrativ leiing tar ansvar for å driva og vidareutvikla eit godt trafikksikringsarbeid. For å sikra forankring og framdrift i arbeidet kan eit godt grep vera å sikra fast rapportering av status og måloppnåing for trafikksikringsarbeidet, til dømes gjennom kommunen si årsmelding.

- Hordaland fylkeskommune vil oppmoda kommunen til å arbeida aktivt for at eit breitt og heilskapleg trafiktryggleiksarbeid får prioritet i nye Øygarden kommune.

Trafikksikringsarbeidet på tvers av sektorane

Trafikksikringsarbeidet skjer på tvers av sektorane i kommunen. For å sjå heilskapen i dette arbeidet, utvikla det vidare og få samarbeidet på tvers til å fungera best mogleg, er Trafikksikker kommune ein god reiskap. Godkjeningsordninga er eit satsingsområde for Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk, og eit godt verktøy for å sikra eit systematisk, heilskapleg og breitt forankra trafikksikringsarbeid i kommunen.

Kommunen nemner (i kapittel 5.5) at det vert vurdert som interessant å gå inn for å verta godkjent som Trafikksikker kommune når nye Øygarden kommune er etablert i 2020. Då Sund kommune er ein av seks kommunar i fylket som er godkjent som Trafikksikker kommune, og Fjell kommune har dette arbeidet inne

som tiltak i gjeldande trafikksikringsplan, ligg ting til rette for at eit slikt arbeid kan få prioritet etter samanslåinga.

Sjølv om ikkje kommunen ser føre seg å gå inn i dette no, vil me oppmoda dykk om å vurdere om de vil innarbeida nokre av kriteria som godkjenningsordninga stiller til dei ulike sektorane av kommunen si verksemd. Mange kommunar har til dømes eit stort forbetringspotensiale når det gjeld å tenka trafikksikkerheit for bruk av bil i tenesta. Kommunane sysselset ein stor del av den vaksne befolkninga, og i delar av den kommunale verksemda vert det køyrd mykje.

Kriteria for Trafikksikker kommune finn de her: <https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/>

- Fylkeskommunen vil oppmoda til at eit arbeid mot ei godkjenning som Trafikksikker kommune vert forankra i prosessane opp mot kommunesamanslåinga.

Kommunal innsats viktig for å nå nasjonale målsettingar

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021 er forankra i Nasjonal transportplan 2018-2029, og inneheld satsingsområde og tiltak som skal sørjga for at dei nasjonale målsettingane etter *nullvisjonen* vert nådd. Det er av stor betydning at også kommunane bidrar til at me saman kan nå desse måla. Trygg Trafikk har utarbeidd eit ressursdokument til kommunale trafikksikringsplanar, der det vert vist korleis ein med kommunale tiltak kan bidra til å nå måla for dei ulike satsingsområda. Av tretten innsatsområde i planen, har Trygg Trafikk utarbeidd konkrete, kommunale tiltak for elleve av dei. Ei Hordalands-utgåve av ressursdokumentet er for tida under utarbeiding, og vil bli sendt ut.

- Fylkeskommunen vil oppmoda kommunen til å innarbeida relevante tiltak i planverk og verksemd for å følgja opp nasjonale mål for trafiktryggleik.

Utsette grupper i trafikken

Barn og unge er ei viktig gruppe, som det vert jobba målretta opp mot gjennom ulike typar tiltak, både gjennom haldningsskapande arbeid, trafikkopplæring og fysiske tiltak, som sikring av trygg veg til skule og fritidsaktivitetar. Eldre er ei utsett gruppe i trafikken, både som sjåførar og fotgjengarar¹. Denne gruppa får kanskje ikkje den same merksemda, men er overrepresentert i ulykkesstatistikken. Det same gjeld trafikantar med anna trafikkforståing og trafikkultur, til dømes flyktningar busette i kommunen. Andre utsette grupper er unge bilførarar og fotgjengarar og syklistar generelt.

- Hordaland fylkeskommune vil oppmoda kommunen om vurdere førebyggjande tiltak for utsette grupper som per no ikkje er omfatta av tiltak i trafikksikringsplanen.
- Hordaland fylkeskommune vil oppmoda kommunen om å nytta eigne forum, som t.d. ungdomsråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og eldreråd, til å diskutera trafikktryggleik, med mål om å spreia kunnskap, få innspel, sikra medverknad og byggja gode haldningar.

Skryt til helsestasjonane

Sikring av barn i bil er eit særst viktig tiltak, og me vil her framheva rolla helsestasjonane har i dette førebyggjande trafikksikringsarbeidet. Det er eit mål i gjeldande nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet (2018-2021) at minst eitt av åra i planperioden skal vera utan omkomne barn (0-14 år) i trafikken. At dette vert sett på som realistisk, vitnar om kva suksesshistorie *sikring av barn* har vorte, og her har helsestasjonane vore viktige bidragsytarar.

¹ Statens vegvesen tilbyr eit gratis oppfriskingskurs for alle bilførarar over 65 år. Les meir om Bilfører 65+ her: <https://www.vegvesen.no/forerkort/har-forerkort/Bilfører65pluss>

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Frida Halland, 5764 3128
Kjetil Stavø Høvig, 55 57 22 60

Vår dato
29.11.2018
Dykkar dato
24.10.2018

Vår referanse
2018/13319 421.3
Dykkar referanse

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Fråsegn til Trafikksikringsplan 2018 – 2022 for Øygarden

Vi syner til oversending dagsett 24.10.2018.

Fylkesmannen meiner det er positivt at kommunen har fokus på trafikktryggleik.

Barn og unge

Det er bra at det vert fokusert på barn og unge, trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid. Barnetråkkanalyse er ein god måte å sakne informasjon på. Vi stiller spørsmål ved om funna frå barnetråkkanalysen frå 2010-2011 bør supplerast med meir oppdaterte data, eller om skule- og bustadstrukturen er den same som i 2011? Punkt 5.5. *Vidareføring av «ikkjefysiske» tiltak* meiner vi er eit godt grep for å gjere skulevegen tryggare for skuleelevane i kommunen.

Planseksjonen har elles diverre ikkje mogelegheit til å prioritere trafikksikringsplanar i særleg grad. Vi saknar jamvel at det er fokus på haldningsskapande arbeid hjå vaksne, både som bilførarar og mjuke trafikantar.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Frida Halland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 3 DES 2018

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2

5337 Rong.

Att. Kommuneplanleggjar Jarle Kåre Oen.

ØYGARDEN KOMMUNE Sentralarkivst	
- 3-DES 2018	Dok.nr. 21
År/saksnr. 14/3817	J.post ID:
Ark.kode P	80
Ark.kode S	Saksh. NO

Blom/Høyen 26.11.2018

Merknad til plan for rullering av trafikk sikringsplan 2018 - 2022.

Me som bur og er grunneigarar i Høyen området hadde dialogmøte med kommunen 25.9.2018 avkjørsla til Høyen vart grundig drøfta.

I møte vart det vist til situasjonen for dei som skal ut frå HØYEN og inn frå FV 561. Det vart vist til sikten som gjer det vanskeleg å sjå bilar som kjem frå nord. Mange har også til dels stor fart.

Grunneigarane var positiv til at det blir gjort noko med krysset..

På vegne av alle som bur i Høyen området ber me om at Høyen krysset på Blom vert teken med i trafikksikringsplanen for 2018 -2022 , som eit kryss som må utbetrast.

Ligg ved eit bilde frå området.



Med helsing

På vegne av me som bur i Høyen området

Kjell Arne Blom

Kjell Arne Blom

VEDLEGG 4: Sluttbehandling i kommunestyret (Vert lagt inn i når saka er ferdig behandla i kommunestyret)